

KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2020/519

2023/EØS/34/33

av 3. april 2020

om sektorreferansedokumentet om beste miljøstyringspraksis, sektorspesifikke miljøprestasjonsindikatorar og referansepunkt for framifrå kvalitet for avfallshandteringssektoren i samsvar med forordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 av 25. november 2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS), og om oppheving av forordning (EF) nr. 761/2001 og kommisjonsvedtak 2001/681/EF og 2006/193/EF⁽¹⁾, særleg artikkel 46 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1221/2009 er Kommisjonen plikta til å utarbeide sektorreferansedokument for spesifikke økonomiske sektorar. Dokumenta skal innehalde opplysningar om beste miljøstyringspraksis, miljøprestasjonsindikatorar og, dersom det er relevant, referansepunkt for framifrå kvalitet og klassifiseringsordningar som fastset nivåa for miljøprestasjon. Organisasjonar som er registrerte eller er i ferd med å registrere seg i miljøstyrings- og miljørevisjonsordninga som vart innført ved forordning (EF) nr. 1221/2009, skal ta omsyn til desse dokumenta når dei utarbeider miljøstyringssystemet sitt, og når dei vurderer sin eigen miljøprestasjon i miljøfråsegna eller den ajourførte miljøfråsegna si, som er utarbeide i samsvar med vedlegg IV til den nemnde forordninga.
- 2) I medhald av forordning (EF) nr. 1221/2009 skal Kommisjonen utarbeide ein arbeidsplan med ei rettleiande liste over kva sektorar som skal prioriterast for vedtakinga av sektorvise og sektorovergripande referansedokument. I kommisjonsmeldinga om innføring av ein arbeidsplan med ei rettleiande liste over sektorar som det skal vedtakast sektorspesifikke og sektorovergripande referansedokument for, i samsvar med forordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)⁽²⁾, vart avfallshandteringssektoren utpeikt som ein prioritert sektor.
- 3) Sektorreferansedokumentet for avfallshandteringssektoren bør leggje vekt på beste praksis, indikatorar og referansepunkt for avfallshandtering, og rette seg mot både offentlege og private avfallshandteringsføretak, medrekna føretak som gjennomfører produsentansvarsordningar, og offentlege forvaltingar med ansvar for avfallshandtering på lokalt plan. Dokumentet bør ta omsyn til og innehalde tilvisingar til eksisterande retningslinjer for aspekt som vert omfatta av andre EU-politiske verktoy, til dømes europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/98/EF⁽³⁾ og andre spesifikke og relevante BAT-referansedokument (BAT – Best Available Techniques) som er utarbeide i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/75/EU⁽⁴⁾.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 115 av 14.4.2020, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 166/2020 av 23. oktober 2020 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), ennå ikke kunngjort.

⁽¹⁾ TEU L 342 av 22.12.2009, s. 1.

⁽²⁾ *Communication from the Commission – Establishment of the working plan setting out an indicative list of sectors for the adoption of sectoral and cross-sectoral reference documents, under Regulation (EC) No 1221/2009 on the voluntary participation by organisations in a Community eco-management and audit scheme (EMAS)* (TEU C 358 av 8.12.2011, s. 2).

⁽³⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/98/EF av 19. november 2008 om avfall og om oppheving av visse direktiver (TEU L 312 av 22.11.2008, s. 3).

⁽⁴⁾ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/75/EU av 24. november 2010 om industriutslipp (integrrert forebygging og begrensning av forurensning) (TEU L 334 av 17.12.2010, s. 17).

- 4) Sektorreferansedokumentet for avfallshandteringssektoren bør ta omsyn til beste miljøstyringspraksis⁽⁵⁾ og identifisere spesifikke miljøprestasjonsindikatorar, referansepunkt for framifrå kvalitet og tiltak som gjer det mogleg for avfallsstyresmakter og andre private eller offentlege avfallshandteringsføretak å betre avfallshandteringsprestasjonen sin, til dømes ved å fremje avfallsførebygging og å oppnå eit høgare ombruks- og materialattvinningsnivå. Desse elementa hjelper organisasjonane med å peike ut dei mest relevante tiltaksområda for å handtere dei viktigaste miljøaspekta og skape ei ramme for å spore betringar i berekrafta.
- 5) For at organisasjonar, miljøkontrollørar og andre, mellom anna nasjonale styresmakter, akkrediterings- og lisensutferdingsorgan og revisorar som tek del i internrevisjon, skal ha tilstrekkeleg tid til å førebu seg på innføringa av sektorreferansedokumentet for avfallshandteringssektoren, bør datoen då denne avgjerda skal nyttast frå, utsetjast med 120 dagar frå kunngjeringsdatoen i *Tidend for Den europeiske unionen*.
- 6) Ved utarbeidinga av sektorreferansedokumentet som er vedlegg til denne avgjerda, har Kommissjonen rådspurt medlemsstatane og andre interessepartar i samsvar med forordning (EF) nr. 1221/2009.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 49 i forordning (EF) nr. 1221/2009.

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Sektorreferansedokumentet for beste miljøstyringspraksis, dei sektorspesifikke miljøprestasjonsindikatorane og referansepunkta for framifrå kvalitet for avfallshandteringssektoren er fastsette i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkel 2

Denne avgjerda trer i kraft 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 12. august 2020.

Utfjerda i Brussel 3. april 2020.

For Kommissjonen

Ursula VON DER LEYEN

President

⁽⁵⁾ Dri M., Canfora P., Antonopoulos I. S., Gaudillat P., Best Environmental Management Practice for the Waste Management Sector, JRC Science for Policy Report, EUR 29136 EN, Publications Office of the European Union, Luxembourg, 2018, ISBN 978-92-79-80361-1, doi:10.2760/50247, JRC111059; <http://susproc.jrc.ec.europa.eu/activities/emas/documents/WasteManagementBEMP.pdf>

VEDLEGG

1. INNLEIING

Dette sektorreferansedokumentet byggjer på ein detaljert vitenskaps- og politikkbasert rapport⁽¹⁾ («Best Practice Report») som er utarbeidd av Det felles forskingssenteret (JRC) til Europakommisjonen.

Relevant rettsgrunnlag

Fellesskapsordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) vart innført i 1993 ved rådsforordning (EØF) nr. 1836/93⁽²⁾ og er basert på frivillig deltaking for organisasjonar. Sidan den gongen har det vore gjort to større revisjonar av EMAS:

- europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 761/2001⁽³⁾,
- forordning (EF) nr. 1221/2009.

Eit nytt og viktig element i den siste revisjonen, som tredde i kraft 11. januar 2010, er artikkel 46 om utarbeiding av sektorreferansedokument. Sektorreferansedokumenta skal innehalde opplysningar om beste miljøstyringspraksis (BEMP), miljøprestasjonsindikatorar for dei spesifikke sektorane og, der det er aktuelt, referansepunkt for framifrå kvalitet og klassifiseringsordningar som fastset nivåa for miljøprestasjon.

Korleis dette dokumentet skal forståast og nyttast

Ordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) er ei ordning som er basert på frivillig deltaking for organisasjonar som pliktar seg til ei kontinuerleg betring av miljøet. Innanfor denne ramma gjev dette sektorreferansedokumentet ei rettleiing for avfallshandteringssektoren og inneheld ei rekkje alternativ for betring og beste praksis. Dette sektorreferansedokumentet rører ikkje ved dei lovfesta krava på det relevante området.

Dokumentet er utarbeidd av Europakommisjonen, som har innhenta synspunkt frå dei ulike interessepartane. Ei teknisk arbeidsgruppe som er samansett av sakkunnige og interessepartar frå sektoren, har under leiing av JRC drøfta og til slutt vortne samde om beste miljøstyringspraksis, sektorspesifikke miljøprestasjonsindikatorar og referansepunkt for framifrå kvalitet, slik det er gjort greie for i dette dokumentet. Særleg vart referansepunkta rekna for å vere representative for dei miljøprestasjonsnivåa som vert oppnådde av dei organisasjonane som gjer det best innanfor sektoren.

Føremålet med sektorreferansedokumentet er å hjelpe og støtte alle organisasjonar som har som mål å betre miljøprestasjonen sin, ved å gje dei idear og inspirasjon i tillegg til praktisk og teknisk rettleiing.

Dette dokumentet rettar seg først og fremst til organisasjonar som alt er EMAS-registrerte, derest til organisasjonar som vurderer å registrere seg i EMAS seinare, og til sist til alle organisasjonar som ønskjer å lære meir om beste miljøstyringspraksis for å kunne betre miljøprestasjonen sin. Føremålet med dette dokumentet er difor å gjere det lettare for alle organisasjonar i avfallshandteringssektoren å kunne samle seg om relevante miljøaspekt, både dei direkte og dei indirekte, og å finne opplysningar om beste miljøstyringspraksis, om høvelege sektorspesifikke miljøprestasjonsindikatorar for å måle sin eigen miljøprestasjon og om referansepunkt for framifrå kvalitet.

(1) Rapporten er offentlig tilgjengeleg på nettstaden til JRC på følgjande adresse: <http://susproc.jrc.ec.europa.eu/activities/emas/documents/WasteManagementBEMP.pdf>. Både konklusjonane om beste miljøstyringspraksis og bruken av han, dei utpeikte miljøprestasjonsindikatorane og referansepunkta for framifrå kvalitet som inngår i dette sektorreferansedokumentet, byggjer på dei resultata som det er gjort greie for i den vitenskaps- og politikkbaserte rapporten. Alle bakgrunnsopplysningar og tekniske detaljar er å finne i rapporten. Den fullstendige tilvisinga til rapporten er: Dri M., Canfora P., Antonopoulos I. S., Gaudillat P., Best Environmental Management Practice for the Waste Management Sector, JRC Science for Policy Report, EUR 29136 EN, Publications Office of the European Union, Luxembourg, 2018, ISBN 978-92-79-80361-1, doi:10.2760/50247, JRC111059.

(2) Rådsforordning (EØF) nr. 1836/93 av 29. juni 1993 om frivillig deltaking for industriforetak i en miljøstyrings- og miljørevisjonsordning i Fellesskapet (TEF L 168 av 10.7.1993, s. 1).

(3) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 761/2001 av 19. mars 2001 om frivillig deltaking for organisasjoner i en fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) (TEF L 114 av 24.4.2001, s. 1).

Korleis EMAS-registrerte organisasjonar bør ta omsyn til sektorreferansedokument

I medhald av forordning (EF) nr. 1221/2009 skal EMAS-registrerte organisasjonar ta omsyn til sektorreferansedokument på to ulike nivå:

- Når dei utarbeider og gjennomfører miljøstyringssystemet sitt i lys av miljøgjennomgåingane (*artikkel 4 nr. 1 bokstav b*)).

Organisasjonane bør nytte relevante delar av sektorreferansedokumentet både når dei utformar og gjennomgår miljømåla og -delmåla sine i samsvar med dei relevante miljøaspekta som er identifiserte i miljøgjennomgåinga og -politikken, og når dei avgjer kva tiltak som skal gjennomførast for å betre miljøprestasjonen sin.

- Når dei utarbeider miljøfråsegna si (*artikkel 4 nr. 1 bokstav d*) og *artikkel 4 nr. 4*).

Organisasjonane bør vurdere dei relevante sektorspesifikke miljøprestasjonsindikatorane i sektorreferansedokumentet når dei vel ut kva indikatorar⁽⁴⁾ dei skal nytte i rapporteringa av miljøprestasjonen sin.

Når organisasjonen skal velje kva indikatorar som skal nyttast i rapporteringa, bør han ta omsyn til kva indikatorar som det er gjort greie for i det aktuelle sektorreferansedokumentet, og til kor relevante dei er i høve til dei vesentlege miljøaspekta som han har peikt ut i miljøgjennomgåinga si. Det skal takast omsyn til desse indikatorane berre dersom dei er relevante for dei miljøaspekta som er rekna som dei mest vesentlege i miljøgjennomgåinga.

Når organisasjonane rapporterer om miljøprestasjon og om dei andre faktorane som gjeld miljøprestasjon, bør dei i miljøfråsegna si opplyse om korleis det er teke omsyn til dei relevante beste miljøstyringspraksisane, og eventuelt til referansepunkt for framifrå kvalitet dersom slike er tilgjengelege.

Dei bør gjere greie for korleis ein relevant beste miljøstyringspraksis og relevante referansepunkt for framifrå kvalitet (som viser miljøprestasjonsnivået til dei organisasjonane som gjer det best) er nytta til å identifisere tiltak og åtgjerder, og eventuelt til å prioritere med sikte på å betre miljøprestasjonen (ytterlegare). Det er likevel ikkje obligatorisk å gjennomføre den beste miljøstyringspraksisen eller å oppfylle krava i referansepunkt for framifrå kvalitet, ettersom EMAS er ei frivillig ordning som lét det vere opp til organisasjonane sjølve å vurdere om referansepunkt og gjennomføringa av beste praksis er realistisk med omsyn til kostnadar og føremonar.

På same måte som med miljøprestasjonsindikatorane bør organisasjonen vurdere om beste miljøstyringspraksis og referansepunkt for framifrå kvalitet er relevante og lét seg gjennomføre ut frå dei vesentlege miljøaspekta som organisasjonen har peikt ut i miljøgjennomgåinga si, i tillegg til at han bør vurdere tekniske og økonomiske aspekt.

Dei delane av sektorreferansedokument (indikatorar, beste miljøstyringspraksis eller referansepunkt for framifrå kvalitet) som ikkje vert rekna som relevante i høve til dei vesentlege miljøaspekta som organisasjonen har peikt ut i miljøgjennomgåinga si, bør ikkje rapporterast eller beskrivast i miljøfråsegna.

EMAS-deltaking er ein kontinuerleg prosess. Kvar gong ein organisasjon planlegg å betre miljøprestasjonen sin (og gjennomgår han), skal han søkje på spesifikke emne i sektorreferansedokumentet for å kome fram til kva problemstillingar han skal gripe fatt i, i ei stegvis tilnærming.

⁽⁴⁾ I samsvar med del B bokstav f) i vedlegg IV til EMAS-forordninga skal miljøfråsegna innehalde «ei oppsummering av tilgjengelege data om miljøprestasjonen til organisasjonen med omsyn til dei vesentlege miljøaspekta hans. Rapporteringa skal omfatte både dei grunnleggjande indikatorane for miljøprestasjon og dei spesifikke indikatorane for miljøprestasjon som er oppførte i del C.» I del C nr. 3 i vedlegg IV heiter det at «alle organisasjonane skal òg årleg rapportere om prestasjonen sin når det gjeld dei vesentlege direkte og indirekte miljøaspekta og miljøverknadene som er knytte til kjerneverksemda deira, som kan målast og verifiserast, og som ikkje alt er omfatta av dei grunnleggjande indikatorane. Rapportering som gjeld desse indikatorane, skal skje i samsvar med dei krava som er fastsette i innleiinga til denne delen. Dersom dei sektorvise referansedokument som er nemnde i artikkel 46, ligg føre, skal organisasjonen ta omsyn til desse for å gjere det lettare å identifisere relevante sektorspesifikke indikatorar.»

EMAS-miljøkontrollører skal kontrollere om og korleis organisasjonen har teke omsyn til sektorreferansedokumentet i utarbeidinga av miljøfråsegna si (artikkel 18 nr. 5 bokstav d) i forordning (EF) nr. 1221/2009).

Akkrediterte miljøkontrollører som skal utføre ein revisjon, krev at organisasjonen skal kunne dokumentere korleis dei relevante delane i sektorreferansedokumentet er valde ut og tekne omsyn til i lys av resultatet av miljøgjennomgåinga. Dei skal ikkje kontrollere om det er samsvar med dei referansepunkta for framifrå kvalitet som er omtala, men stadfeste dokumentasjonen som viser korleis sektorreferansedokumentet er nytta som eit hjelpemiddel til å identifisere indikatorar og høvelege frivillige tiltak som organisasjonen kan setje i verk for å betre miljøprestasjonen sin.

Ettersom deltaking i EMAS og bruk av sektorreferansedokument er frivillig, bør det ikkje stillast urimelege krav til organisasjonane om å leggje fram slik dokumentasjon. Kontrollørane skal framfor alt ikkje kunne krevje ei individuell grunngjeving for kvar einskild beste praksis og kvar av dei sektorspesifikke miljøprestasjonsindikatorane eller referansepunkta for framifrå kvalitet som er nemnde i sektorreferansedokumentet, og som organisasjonen, basert på miljøgjennomgåinga si, ikkje reknar for å vere relevante. Dei kan likevel føreslå at organisasjonen vurderer andre relevante faktorar i framtida som ytterlegare dokumentasjon på at organisasjonen pliktar seg til kontinuerleg å betre miljøprestasjonen sin.

Oppbygginga av dokumentet

Dette dokumentet inneheld fire kapittel. Kapittel 1 inneheld ei innleiing om rettsgrunnlaget for EMAS og gjer greie for korleis dokumentet skal nyttast, medan kapittel 2 definerer verkeområdet for dette referansedokumentet. Kapittel 3 inneheld ei kort framstilling av dei ulike formene for beste miljøstyringspraksis⁽⁵⁾ og opplysningar om bruken av dei. Dersom det kan utformast spesifikke miljøprestasjonsindikatorar og referansepunkt for framifrå kvalitet for ein viss beste miljøstyringspraksis, er det òg gjeve opplysningar om desse. Dersom nokre av indikatorane og referansepunkta er relevante for meir enn éin beste miljøstyringspraksis, er dei oppførte fleire gongar. Kapittel 3 inneheld dessutan, i tillegg til dei indikatorane som er fastsette for kvar einskild beste miljøstyringspraksis, ei rekkje miljøprestasjonsindikatorar som kan nyttast til å vurdere den samla prestasjonen til system for handtering av kommunalt fast avfall. Det har ikkje vore mogleg å definere referansepunkt for framifrå kvalitet for alle beste miljøstyringspraksisar og indikatorar, anten på grunn av avgrensa tilgang på data, eller fordi dei spesifikke tilhøva for dei einskilte avfallsstyresmaktene eller avfallshandteringsføretaka (t.d. land- eller byområde, typen system som er valt for separat innsamling og handtering av avfall, eller lokale forbruksmønster) varierer i så stor grad at det ikkje vil vere meningsfullt med referansepunkt for framifrå kvalitet. Sjølv når slike referansepunkt vert gjevne, er dei ikkje meinte å skulle vere mål som alle avfallsstyresmakter eller avfallshandteringsføretak skal nå, eller ein målestokk for å jamføre miljøprestasjonen innanfor heile sektoren, men snarare eit mål for kva som er mogleg å oppnå, slik at kvar einskilt organisasjon kan vurdere framstega sine og verte motivert til å gjere det endå betre.

Til sist inneheld kapittel 4 ein omfattande tabell med eit utval av dei mest relevante miljøprestasjonsindikatorane, med tilhøyrande forklaringar og referansepunkt for framifrå kvalitet.

2. VERKEOMRÅDE

Dette sektorreferansedokumentet handlar om to typar organisasjonar innanfor avfallshandteringssektoren: avfallshandteringsføretak (offentlege og private), medrekna føretak som gjennomfører produsentansvarsordningar, og avfallsstyresmakter (offentlege forvaltningar med ansvar for avfallshandtering, i hovudsak på lokalt plan). Desse organisasjonane høyrer inn under dei følgjande NACE-kodane (i samsvar med næringsgrupperinga som er fastsett i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1893/2006⁽⁶⁾):

- 38.1 — Innsamling av avfall.
- 38.2 — Handsaming og slutthandsaming av avfall.
- 38.3 — Materialatvinning.

⁽⁵⁾ JRC har offentliggjort ein rapport med ei detaljert utgreiing om dei ulike formene for beste praksis, med ei praktisk rettleiing om korleis dei skal gjennomførast. Rapporten er tilgjengeleg på følgjande internettadresse: <http://susproc.jrc.ec.europa.eu/activities/emas/documents/WasteManagementBEMP.pdf>. Lesarane vert oppmoda om å lese denne rapporten dersom dei ønskjer å lære meir om nokre av dei formene for beste praksis som det er gjort greie for i dette dokumentet.

⁽⁶⁾ Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1893/2006 av 20. desember 2006 om innføring av en standard for næringsgruppering NACE Revisjon 2, og om endring av rådsforordning (EØF) nr. 3037/90 og visse EF-forordninger innenfor særlige statistikkområder (TEU L 393 av 30.12.2006, s. 1).

- 39.0 — Miljørydding, miljøreinsing og liknande verksemd.
- 84.1 — Offentleg administrasjon og forvaltning.

Dette sektorreferansedokumentet omfattar ikkje verksemda til avfallsgenererande organisasjonar som ikkje tilhøyrer avfallshandteringssektoren (dvs. dei fleste organisasjonane).

Dette sektorreferansedokumentet gjer greie for beste praksis for følgjande fasar og verksemd innanfor avfallshandtering:

- Utarbeiding av ein avfallshandteringsstrategi.
- Fremjing av avfallsførebygging.
- Fremjing av ombruk av produkt og førebuing til ombruk av avfall.
- Betring av avfallsinnsamlinga.
- Avfallshandsaming, avgrensa til verksemd som gjer det mogleg med materialattvinning.

Når det gjeld avfallshandsaming, er verkeområdet for dette sektorreferansedokumentet avgrensa til anlegg som handsamar avfall som ikkje fell inn under verkeområdet for industriutsløppsdirektivet⁽⁷⁾ (t.d. sorteringsanlegg for materialattvinning av plast).

Dette sektorreferansedokumentet dreier seg om tre avfallsstraumar:

- Kommunalt fast avfall: hushaldsavfall og avfall frå andre kjelder, t.d. varehandel, forvaltningar, skular, helsetenester, overnattings- og serveringsstadar og andre tenester og anna verksemd, som med omsyn til type og samansetnad liknar på hushaldsavfall.
- Bygginge- og rivingsavfall.
- Avfall frå medisinsk behandling.

Industri- og næringsavfall som ikkje er kommunalt fast avfall, vert ikkje omfatta av dette dokumentet.

Dette referansedokumentet er delt inn i fem hovudavsnitt (tabell 2-1) som, frå målorganisasjonane sitt perspektiv, omfattar dei viktigaste miljøaspekta knytte til avfallshandtering.

Tabell 2-1

Oppbygginga av sektorreferansedokumentet for avfallshandteringssektoren og dei viktigaste miljøaspekta som vert handsama

Avsnitt	Beskriving	Viktigaste miljøaspekt
3.1. Sektorovergripande beste miljøstyringspraksis	Dette avsnittet handlar om beste praksis som gjeld alle avfallsstraumane som dette dokumentet dekkjer, uavhengig av sektor, frå utarbeiding av ein avfallsstrategi til bruk av økonomiske verkemiddel, og til identifisering av ytterlegare døme på beste praksis i andre referansedokument frå EU.	Avfallsførebyggjande tiltak Innsamling av avfall Sortering, førebuing til ombruk og handsaming av avfall Transport Energiutnytting av avfall Slutthandsaming av avfall

⁽⁷⁾ Direktiv 2010/75/EU.

Avsnitt	Beskriving	Viktigaste miljøaspekt
3.2. Beste miljøstyringspraksis for kommunalt fast avfall	Dette avsnittet gjer greie for korleis avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak best kan handtere kommunalt fast avfall, medrekna utarbeiding av ein strategi, avfallsførebygging, ombruk av produkt og førebuing til ombruk av avfall, innsamling av avfall og avfallshandsaming. Avsnittet inneheld òg beste miljøstyringspraksis for produsentansvarsorganisasjonar.	Avfallsførebyggjande tiltak Innsamling av avfall Sortering, førebuing til ombruk og handsaming av avfall Transport Energiutnytting av avfall Slutthandsaming av avfall
3.3. Vanlege miljøprestasjonsindikatorar for kommunalt fast avfall	Dette avsnittet gjer greie for vanlege miljøprestasjonsindikatorar som kan nyttast til å vurdere den samla prestasjonen til system for handtering av kommunalt fast avfall.	Avfallsførebyggjande tiltak Innsamling av avfall Sortering, førebuing til ombruk og handsaming av avfall Transport Energiutnytting av avfall Slutthandsaming av avfall
3.4. Beste miljøstyringspraksis for byggje- og rivingsavfall	Dette avsnittet handlar om verksemda til avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak som direkte eller indirekte har ansvar for handtering av byggje- og rivingsavfall. Dei viktigaste områda som vert handsama, er planar for handtering av byggje- og rivingsavfall, korleis PCB-ureining av slikt avfall kan unngåast, handtering av fjerna asbestavfall og handsaming av gipsplater og byggje- og rivingsavfall til materialattvinning.	Avfallsførebyggjande tiltak Innsamling av avfall Sortering og handsaming av avfall Transport Slutthandsaming av avfall
3.5. Beste miljøstyringspraksis for avfall frå medisinsk behandling	Dette avsnittet gjer greie for korleis avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak best kan handtere avfall frå medisinsk behandling. Dei viktigaste områda som vert handsama, er optimalisering av sortering og innføring av alternativ handsaming av avfall frå medisinsk behandling.	Innsamling av avfall Avfallshandsaming Slutthandsaming av avfall

For kvar av dei viktigaste miljøaspekta som er oppførte i tabell 2-1, inneheld tabell 2-2 dei tilhøyrande viktigaste miljøverknadene som vert handsama i dette dokumentet. Dei miljøaspekta som er oppførte i tabell 2-1 og tabell 2-2, er valde ut som dei mest relevante for sektoren. Kva miljøaspekt som skal handterast av dei einskilde føretaka, må likevel vurderast i kvart tilfelle.

Tabell 2-2

Dei mest relevante miljøaspekta og dei tilhøyrande viktigaste miljøverknadene som vert handsama i dette dokumentet

Viktigaste miljøaspekt	Viktigaste miljøverknader
Innsamling av avfall	<ul style="list-style-type: none"> — Klimaendringar (utslepp av klimagassar) — Utslepp til luft — Utarming av naturressursar

Viktigaste miljøaspekt	Viktigaste miljøverknader
Avfallsførebyggjande tiltak	<ul style="list-style-type: none"> — Klimaendringar (utslepp av klimagassar) — Utslepp til luft — Utarming av naturressursar
Sortering, førebuing til ombruk og handsaming av avfall	<ul style="list-style-type: none"> — Klimaendringar (utslepp av klimagassar) — Utslepp til luft/vatn/jord — Utarming av naturressursar — Arealbruk
Transport	<ul style="list-style-type: none"> — Klimaendringar (utslepp av klimagassar) — Utslepp til luft — Utarming av naturressursar
Energiutnytting av avfall	<ul style="list-style-type: none"> — Klimaendringar (utslepp av klimagassar) — Utslepp til luft/vatn/jord — Utarming av naturressursar — Arealbruk
Slutthandsaming av avfall	<ul style="list-style-type: none"> — Klimaendringar (utslepp av klimagassar) — Utslepp til luft/vatn/jord — Utarming av naturressursar — Arealbruk

3. BESTE MILJØSTYRINGSPRAKSIS, SEKTORSPEKIFIKKE MILJØPRESTASJONSINDIKATORAR OG REFERANSE-PUNKT FOR FRAMIFRÅ KVALITET FOR AVFALLSHANDTERINGSSEKTOREN

3.1. Sektorovergripande beste miljøstyringspraksis

Beste miljøstyringspraksis i dette avsnittet omfattar sektorovergripande avfallshandteringsspørsmål som er relevante for alle dei aktuelle avfallsstraumane (dvs. kommunalt fast avfall, bygge- og rivingsavfall og avfall frå medisinsk behandling).

3.1.1. Integrerte avfallshandteringsstrategiar

Beste miljøstyringspraksis er å utarbeide og gjennomføre ein integrert avfallshandteringsstrategi som tek omsyn til

- noverande og forventade framtidige tendensar når det gjeld avfallsstraumar,
- avfallshierarkiet⁽⁸⁾, med prioritering av tiltak i samsvar med hierarkiet (først og fremst avfallsførebygging, deretter førebuing til ombruk osv.),
- kva avfallssorterings- og avfallshandsamingsanlegg som finst i nærleiken, og kva kapasitet dei har,
- miljøhaldningar og -oppfatningar blant innbyggjarane,
- eventuelle andre særlege faktorar som påverkar avfallshandteringa (t.d. om det finst mange turistar/pendlarar, særlege former for økonomisk verksemd, klima).

⁽⁸⁾ Avfallshierarkiet består av dei følgjande stega: avfallsførebygging, førebuing til ombruk, materialattvinning, andre former for attvinning og slutthandsaming.

Utarbeidinga av ein avfallshandteringsstrategi krev kunnskap om mengda av og kvaliteten på kvar større avfallsstraum ved hjelp av ein eigna dataovervakingsmetode og ei grundig vurdering av avfallshandteringsløyisingane. I visse tilfelle krevst det ei livsløpsvurdering for å finne dei beste miljøprestasjonsløyisingane (sjå BEMP 3.1.2), som iblant kan avvike frå avfallshierarkiet.

Bruk

Denne beste miljøstyringspraksisen er først og fremst retta mot avfallsstyresmakter som kontrollerer, eller i det minste har stor innverknad på, avfallshandteringsstrategien på lokalt eller regionalt plan – i første rekkje dei lokale styresmaktene. Avfallsstyresmakta kan måtte setje ut delar av strategiplanlegginga dersom det krevst særleg fagkunnskap innanfor til dømes dataanalyse eller avfallshandsamingsprosessar.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i1) Det er fastsett overordna mål for å betre avfallshandteringsystemet (t.d. på grunnlag av dei indikatorane som er definerte i dette dokumentet) (J/N).	b1) Det er innført ein integrert avfallshandteringsstrategi som omfattar både langsiktige (dvs. 10–20 år) og kortsiktige (dvs. 1–5 år) overordna mål for å betre prestasjonen til avfallshandteringsystemet, og denne strategien vert jamleg gjennomgått (minst kvart tredje år).
i2) Det er fastsett spesifikke mål for avfallsførebygging og ombruk (J/N).	

3.1.2. Livsløpsvurdering av avfallshandteringsløyisingar

Beste miljøstyringspraksis er å integrere livsløpstankegang og livsløpsvurdering i avfallshandteringsstrategien og -verksemda, der steg 1 og 2 (nedanfor) er obligatoriske, medan steg 3–8 krev at det vert utført ei særskild livsløpsvurdering, og er ikkje alltid naudsynte.

- 1) Systematisk bruk av livsløpstankegang i all utarbeiding og gjennomføring av avfallshandteringsstrategien (som eit supplement til avfallshierarkiet).
- 2) Gjennomgang av relevant litteratur om livsløpsvurdering for å rangere miljøprestasjonen til alternative avfallshandteringsløyisingar der dei undersøkte systema kan jamførast direkte med tilgjengelege løyisingar.
- 3) Bruk av livsløpsvurdering på særlege avfallshandterings- og teknologiløyisingar som det ikkje finst påliteleg offentleggjort litteratur om: dette krev innkjøp av livsløpsvurderingsstenester eller bruk av relevant livsløpsvurderingsprogramvare internt.
- 4) Ei grundig vurdering av systemgrenser for å sikre ei nøyaktig jamføring av avfallshandteringsløyisingar, inkludert ei utviding av systemet og/eller ei livsløpsvurdering for unngåtte prosessar (t.d. produksjon av elektrisk kraft i nettet).
- 5) Samanstilling og dokumentasjon av livsløpsinventar i høve til referansestraumar, om mogleg ved bruk av primærdata som er samla inn langs verdikjeda, med opplysningar om datakvalitet og usikre intervall.
- 6) Val av relevante påverknadskategoriar for å finne dei største miljøbyrdene.
- 7) Presentasjon av normaliserte resultat for relevante påverknadskategoriar for å vurdere komplementaritet eller utjamning, med ein klar indikasjon på feil som følgje av uvisse, og på følsemdanalyser.
- 8) Godkjenning av livsløpsvurderingsstudien av ein uavhengig tredjepart (grunnleggjande krav i ISO 14044⁽⁹⁾) når resultatata vert formidla eksternt, men er god praksis òg ved intern bruk).

⁽⁹⁾ ISO 14044:2006: Miljøstyring – Livsløpsvurdering – Krav og retningslinjer.

Bruk

Det er ikkje alltid naudsynt med ei full livsløpsvurdering. Ei grunnleggjande prioritering av dei avfallshandteringsløysingane som er skisserte i avfallshierarkiet, kan i visse høve vere tilstrekkeleg for å etablere beste praksis. Ofte er det likevel behov for ei detaljert jamføring av løysingar som har same rangering i avfallshierarkiet, og av handteringsendringar som påverkar den samla prestasjonen i avfallskjeda.

Livsløpstankegangen og livsløpsvurderingsstudiar kan nyttast av alle avfallshandteringsorganisasjonar, utan omsyn til storleik. Likevel, kjøp av tilpassa livsløpsvurderingsstenester og/eller betaling for opplæring av personale i livsløpsvurdering er gjerne økonomisk gjennomførbart berre for større organisasjonar.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i3) Systematisk bruk av livsløpstankegang og, om naudsynt, gjennomføring av livsløpsvurderingar, i all utarbeiding og gjennomføring av avfallshandteringsstrategien (J/N).	b2) Avfallshandteringsstrategien er utarbeidd og gjennomført på grunnlag av systematisk bruk av livsløpstankegang og, om naudsynt, på grunnlag av særskilde livsløpsvurderingsstudiar.

3.1.3. Økonomiske verkemiddel

Beste miljøstyringspraksis er å nytte økonomiske verkemiddel til å styre åtferda til innbyggjarar og organisasjonar som genererer avfall, i retning av meir miljøvennlege resultat. Økonomiske verkemiddel kan medverke til å

- redusere mengda avfall eller redusere mengda farleg avfall,
- fremje førebuing til ombruk og materialattvinning av avfall og redusere forbrenning og deponering,
- betre produktutforminga (t.d. fremje bruk av produktmateriale som kan materialattvinnast).

Dei økonomiske verkemidla som er knytte til avfallshandtering, omfattar både positive stimuleringsiltak (positive økonomiske signal, t.d. rabattar, verdikupongar) og negative stimuleringsiltak (negative økonomiske signal, t.d. skattar og avgifter, gebyr, sanksjonar) og kan ha form av

- skattar og avgifter og differensiering av desse, t.d. knytt til slutthandsaming, deponering og forbrenning av avfall,
- produktavgifter (t.d. på plastposar eller tilslag i byggjemateriale),
- prisfastsetjing for avfall, t.d. ordningar for pris per eining og differensierte avfallsgebyr (PAYT – pay-as-you-throw),
- panteordningar,
- ordningar for utvida produsentansvar,
- andre ordningar, t.d. omsetjelege løyve, materialattvinningstilskot, fritak for meirverdiavgift.

Bruk

Den rettslege ramma og gjennomføringa av denne utgjer dei største hindringane for bruk av økonomiske verkemiddel på lokalt plan.

I tillegg er miljømedvit, gode handteringskunnskapar og innovasjonsdriven åtferd på lokalt forvaltingsplan, saman med god rekneskapspraksis, føresetnader for gjennomføring av lokale økonomiske verkemiddel som er komplekse å handtere på eit teknisk, administrativt og sosialt plan.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i4) Bruk av økonomiske verkemiddel på lokalt plan for å fremje god åtfærd (J/N).	b3) Økonomiske verkemiddel på lokalt plan i form av skattar og avgifter og differensiering av desse, produktavgifter, prisfastsetjing for avfall, ordningar for utvida produsentansvar og panteordningar vert gjennomførte på ein systematisk måte for å nå dei måla som er fastsette i den lokale avfallshandteringsstrategien.
i5) Andel av innbyggjarane/føretaka som nyttar eit frivillig økonomisk verkemiddel (%).	
	b4) Det er innført ei panteordning for glas, koppar, tallerkar og bestikk for alle festivalar og større offentlege tilskipingar som vert arrangerte i innsamlingsområdet til dei lokale styresmaktene.

3.1.4. Tilvising til andre relevante referansedokument for beste praksis

Beste miljøstyringspraksis er å ta i bruk dei nyaste teknikkane som gjev best mogleg ressurseffektivitet og minst mogleg miljøverknad innanfor avfallshandsamingsområdet (medrekna materialattvinning, energiutnytting og slutthandsaming av avfall). Nyttige referansedokument (ikkje-utfyllande liste) om dei relevante nyaste teknikkane som organisasjonane kan nytte:

- Referansedokument om beste tilgjengelege teknikkar for avfallshandsaming⁽¹⁰⁾.
- Kriterium for når avfall ikkje lenger er avfall⁽¹¹⁾.
- Referansedokument om beste tilgjengelege teknikkar for avfallsforbrenning.
- EUs avfallsdeponeringsdirektiv (rådsdirektiv 1999/31/EF)⁽¹²⁾.

Bruk

Denne beste miljøstyringspraksisen er retta mot lokale avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak som planlegg og gjennomfører verksemd på områda avfallshandsaming, materialattvinning, energiutnytting og slutthandsaming av avfall.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i6) Dei relevante nyaste teknikkane som er omtala i referansedokumenterna som er oppførte i denne beste miljøstyringspraksisen, er tekne i bruk (J/N).	—

3.2. Beste miljøstyringspraksis for kommunalt fast avfall

I dette avsnittet dreier beste miljøstyringspraksis seg om handtering av kommunalt fast avfall.

⁽¹⁰⁾ Fleire opplysningar om innhaldet i referansedokumenterna om beste tilgjengelege teknikkar og ei detaljert forklaring av omgrep og forkortingar er å finne på nettstaden til Det europeiske byrået for integrert førebygging og avgrensing av ureining: <http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/>

⁽¹¹⁾ Kriteria for når avfall ikkje lenger er avfall vart innførte ved artikkel 6 i avfallsrammedirektivet av desember 2008 (2008/98/EF). Fleire opplysningar kan finnast på følgjande nettside: http://ec.europa.eu/environment/waste/framework/end_of_waste.htm

⁽¹²⁾ Rådsdirektiv 1999/31/EF av 26. april 1999 om deponering av avfall (TEF L 182 av 16.7.1999, s. 1). Fleire opplysningar om innhaldet i avfallsdeponeringsdirektivet og den fullstendige teksten kan finnast på følgjande nettside: http://ec.europa.eu/environment/waste/landfill_index.htm

Beste miljøstyringspraksis med omsyn til strategi

3.2.1. Referansemåling av kostnader

Val som gjeld avfallshandtering, vert i stor grad påverka av økonomiske faktorar. Beste miljøstyringspraksis er å utføre referansemåling av kostnader ved å jamføre kostnadsstrukturen i éin kommune med data frå andre kommunar, ettersom dette gjer det mogleg å identifisere optimaliserte løysingar som kan opne for ein meir miljøvennleg praksis. Referansemåling av kostnader kan utførast internt, av ein uavhengig tredjepart eller i samarbeid med andre kommunar. Dei analyserte kostnadstala omfattar gjerne kostnader for avfallshandteringstenester og for slutthandsaming av visse avfallsfraksjonar, i tillegg til inntekter frå sal av avfall som vert sendt til førebuing til ombruk eller materialattvinning, og sal av andre biprodukt.

Ved referansemåling av kostnader må det takast omsyn til alle relevante avfallsfraksjonar som vert genererte i det aktuelle innsamlingsområdet og vert rekna som kommunalt fast avfall. I omfattande analysar inngår kostnader til avfallsinnsamling, avfallshandsaming (sortering, attvinning, slutthandsaming osv.) medrekna forvaltning av nedlagde deponi, personalkostnader og alle andre kostnader i samband med avfallshandtering.

Bruk

Referansemåling av kostnader kan nyttast på eit område (på lokalt eller nasjonalt plan) der det er mogleg å jamføre tilhøva for avfallshandtering, og der det finst ei einsarta rettsleg ramme. Nokre gongar oppstår det likevel store avvik på grunn av særlege tilhøve. Referansemåling av kostnader er særleg relevant på område der avfallshandteringssystema fungerer dårleg, og kan nyttast til å støtte overgangen til meir effektive avfallshandteringsløysingar.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i7) Jamleg deltaking i ein detaljert studie av referansemåling av kostnader (J/N).	—
i8) Samla kostnader til handtering av kommunalt fast avfall per innbyggjar per år (euro/innbyggjar/år).	—

3.2.2. Avansert avfallsovervaking

Utarbeidinga og gjennomføringa av ein effektiv avfallshandteringsstrategi byggjer på detaljert kjennskap til statistiske data om avfallsstraumane som vert innsamla og handterte på lokalt plan.

Beste miljøstyringspraksis er difor å

- jamleg samle inn og handsame tilgjengelege data om kvar einskild avfallsstrøm og om dei ulike stega i prosessane for innsamling, ombruk / førebuing til ombruk, sortering, materialattvinning, andre former for attvinning og slutthandsaming,
- jamleg utføre ein plukkanalyse av blanda avfall,
- inkludere systematisk overføring av omfattande data som kontraktsvilkår dersom avfallshandteringsoppgåver vert sette ut til underleverandørar.

Avfallsovervakingsdata er nyttige både til intern analyse (t.d. for å vurdere eventuell gjennomføring av eit nytt tiltak) og til deling med den relevante offentlege forvaltninga og med innbyggjarane for å stimulere til betring og auka medvit.

Bruk

Detaljert avfallsovervaking kan nyttast av alle lokale styresmakter og avfallshandteringsføretak som handterer kommunalt fast avfall. For dei organisasjonane som er i ferd med å starte prosessen, kan avfallsovervakinga først rettast mot dei mest relevante avfallsfraksjonane og seinare utvidast gradvis til å omfatte alle fraksjonane.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i9) Bruk av nettbaserte verktøy til sporing og rapportering av avfallsdata (J/N).	b5) Plukkanalyse av blanda avfall vert utført minst fire gonger i året (i ulike årstider) kvart tredje år, eller etter større endringar i avfallshandteringssystemet.
i10) Frekvens for plukkanalyse av blanda avfall (éin plukkanalyse kvar x månad eller kvart x år).	

3.2.3. *Differensierte avfallsgebyr*

Føremålet med differensierte avfallsgebyr (PAYT) er å få til ei rettferdig gjennomføring av prinsippet om at ureinaren betalar, ved å krevje at brukarane av avfallshandteringssystemet betalar etter mengda avfall dei genererer.

Beste miljøstyringspraksis er å krevje inn avfallsavgifter frå brukarane på grunnlag av ein fast og ein variabel avgiftskomponent, for å spegle att kostnadsstrukturen knytt til handtering av avfall og tilpasse stimuleringsstiltaka til brukarane (dvs. lågare avgift når det vert generert mindre avfall) og avfallsinnsamlarane (dvs. inntektsstabilitet som følge av den faste avgiftskomponenten).

I praksis kan systemet gjennomførast på fleire måtar, ofte i form av

- volumbaserte ordningar (val av behaldarstorleik),
- sekkebaserte ordningar (tal på avfallssekkar som vert nytta), t.d. med særskilde førehandsbetalte sekkar,
- vektbaserte ordningar (vekta av avfallet som vert samla inn i ein viss behaldar),
- frekvensbaserte ordningar (kor ofte ein behaldar vert sett ut til innsamling – denne metoden kan kombinerast med volum- og vektbaserte ordningar).

Ordninga kan tilpassast slik at det vert kravd betaling berre for restavfall eller òg for sorterte avfallsstraumar, framleis med mål om å fremje kjeldesortering og avfallsførebygging.

Dei fire viktigaste elementa for gjennomføring av ei PAYT-ordning, er

- identifisering av einskilde brukarar⁽¹³⁾,
- måling av avfallsstraumar på einskildbrukarnivå (t.d. dør til dør-innsamling, gatebeholdarar eller ved leveringsstadar),
- fastsetjing av ein pris per eining som effektivt stimulerer til endra åtferd,
- medverknad frå innbyggjarane for å sikre ei rett forståing av kva ordninga inneber, og at dei aksepterer og sluttar opp om ordninga (dette er viktig for å unngå ulovleg dumping eller overføring av avfall til andre innsamlingsområde som ikkje nyttar ei PAYT-ordning).

Bruk

Metoden er generelt enkel å nytte, men eksisterande infrastruktur må tilpassast (t.d. innsamlinga). Dør til dør-innsamling er vanlegvis naudsynt for å gjennomføre PAYT-prinsippa fullt ut.

Det må gjerast førebyggjande tiltak for å sikre etterleving (t.d. for å unngå «lekkasje» til kommunalt fast avfall hjå tilgrensande lokale styresmakter som ikkje nyttar ei PAYT-ordning, eller til søppeldunkar i gatene). Dette er lettare å oppnå når brukarane alt er medvitne om kjeldesortering og om meir generelle miljø- og avfallsspørsmål.

⁽¹³⁾ Dei første to elementa er ikkje naudsynnte å ta med i PAYT-ordningar som er baserte på førehandsbetalte sekkar.

Avhengig av gjennomføringa (t.d. ved brukaridentifikasjon av einssilde behaldarar eller sekkar) er det naudsynt med høvelege tiltak for å sikre personvern og fortruleg handsaming (t.d. sikker datalagring).

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i11) Det er innført ei PAYT-ordning (J/N).	b6) Det er innført ei PAYT-ordning der minst 40 % av kostnadane vert betalte av brukarane, avhengig av den innsamla mengda (kg eller m ³) blanda avfall, storleiken på innsamlingsbeholdarane og/eller talet på innsamlingsrundar.
i12) Avfall som vert levert til leveringsstadar, er teke med i PAYT-ordninga (J/N).	
i13) Andel av brukarar som ikkje genererer noko avfall (%).	
	b7) PAYT-ordninga omfattar òg avfall som vert levert til leveringsstadar.

3.2.4. Avfallshandtering etter resultatbaserte kontraktar

Beste miljøstyringspraksis for lokale styresmakter som set ut visse delar av handteringa av kommunalt fast avfall til private leverandørar, er å inkludere resultatbaserte vilkår i kontraktane. Resultatbaserte kontraktar kan sikre at både miljømål og økonomiske mål vert oppfylte.

Ein resultatbasert kontrakt har tre hovudkjenneteikn:

- Fastsetjing av ei rekkje mål og indikatorar for å måle resultatata til oppdragstakaren.
- Innsamling av data om resultatindikatorar for å vurdere korleis tenesta vert utført.
- Gode eller dårlege resultat har konsekvensar for oppdragstakaren (høgare inntekter eller bøter).

Det er viktig at lokale styresmakter baserer resultatvilkåra på eit komplett sett med indikatorar (til dømes ved å ta utgangspunkt i dei indikatorane som er oppførte i avsnitt 3.3), og høveleg overvaking. Det må takast særleg omsyn til fastsetjinga av eit samanlikningsgrunnlag, og til korleis variasjon i ytre tilhøve (økonomiske eller sosiale tilhøve, reglar osv.) kan påverke referansemålinga.

Bruk

Eit effektivt system for å overvake avfallshandteringsprestasjonen er ein føresetnad for eit resultatbasert avfallsovervakingssystem (som byggjer på intern forvaltingspraksis som kan utvidast til forvaltning av kontraktar).

Når ein resultatbasert kontrakt vert teken i bruk for første gong, er det òg viktig å gå i dialog med potensielle oppdragstakarar og alle interessepartar som det gjeld, for å finne ut kva som er teknisk mogleg og økonomisk gjennomførbart.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i14) Andel av kontraktsverdien som er avhengig av at miljømåla eller dei fastsette nivåa for miljøprestasjon vert oppnådde (%).	—
i15) Andel av nøgde brukarar (% av innbyggjarar som er nøgde med innsamlinga av hushaldsavfall, og spesifikt med innsamlinga av separat innsamla fraksjonar).	

3.2.5. Haldningsskapande tiltak

Beste praksis når det gjeld haldningsskapande tiltak er på ein effektiv måte å oppmuntre til avfallsførebygging, ombruk og materialattvinning innanfor avfallsinnsamlingsområdet. Til sist bør dette kunne betre resultatet for sentrale indikatorar for generering og sortering av avfall.

Kampanjar for auka medvit om beste praksis må

- sikre kontinuitet, samsvar, komplementaritet og klarleik i all kommunikasjon, med klart definerte delmål og mål,
- utforme klare budskapar som passar til og er retta mot klart definerte målgrupper,
- sikre effektiv gjennomføring gjennom integrerte aktivitetar og klare ansvarslinjer.

Døme på to store hindringar for materialattvinning som kan overvinnast ved hjelp av haldningsskapande tiltak:

- Kunnskapsmangel: å ikkje vite kva avfallsmateriale som skal leggjast i kva behaldar, eller manglande forståing av den lokale materialattvinningsrutinen (t.d. innsamlingsdagar osv.).
- Haldningar og oppfatningar: å ikkje godta at materialattvinning er naudsynt, å ikkje vere tilstrekkeleg motivert til å avgrense og sortere avfall.

Haldningskampanjar for innbyggjarane kan setjast i verk direkte av avfallshandteringsorganisasjonen, av profesjonelle byrå på deira vegner, eller av partnarorganisasjonar (medrekna interessepartar i andre sektorar).

Ei lang rekke kommunikasjonskanalar kan nyttast, mellom anna reklame, PR-tenester, direkte marknadsføring, tiltak i nærmiljøet, nettbaserte tiltak, sosiale medium og produktmerking.

Bruk

Haldningsskapande tiltak kan gjennomførast på eit visst nivå i alle slags samanhengar.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i16) Budsjett som vert nytta til haldningsskapande tiltak per innbyggjar per år (euro/innbyggjar/år).	b8) Haldningskampanjar vert systematisk gjennomførte for ulike typar målgrupper (t.d. elevar, ålmenta, brukarar av leveringsstadar), og budsjettet som kvart år vert sett av til haldningsskapande tiltak, er på minst 5 euro per innbyggjar.
i17) Andel av det samla budsjettet for handtering av kommunalt fast avfall som vert nytta til haldningsskapande tiltak (%).	
i18) Andel av befolkninga i avfallsinnsamlingsområdet som har motteke informasjon med eit haldningsskapande budskap i løpet av ein viss periode (t.d. % av befolkninga per månad).	

3.2.6. Etablering av eit nettverk av avfallsrådgjevarar

Beste miljøstyringspraksis er å etablere eit nettverk av avfallsrådgjevarar (øg kalla «retteleiarar for avfallsførebygging», «materialattvinningsretteleiarar», «avfallskonsulentar») på lokalt plan for å auke medvitet blant ålmenta (privatpersonar og små føretak som leverer avfallet sitt til det lokale systemet for handtering av kommunalt fast avfall).

Bruken av avfallsrådgjevarar er særleg relevant for å løyse spesifikke problem ved å fokusere på eit særskilt innsamlingsområde eller ei særskild målgruppe som har låg grad av separat innsamling eller høg grad av kontaminering i sorterte innsamla fraksjonar, med sikte på å gje konkrete råd, ettersom avfallsrådgjevarane kan yte personleg rådgjeving.

Avfallsrådgjevarar har vanlegvis bakgrunnen sin innanfor miljøområdet og har kunnskap om ulike metodar for avfallsminimering, ombruk og materialattvinning, og dei kan vere frivillige eller tilsette på deltid eller heiltid. Dei kan utføre ei rekkje oppgåver, til dømes

- gjere privatpersonar og små føretak merksame på miljøspørsmål knytte til generering og handtering av avfall,
- informere privatpersonar og små føretak om reglar for avfallsinnsamling og korleis ulike fraksjonar skal handsamast og attvinnast,
- gje privatpersonar og små føretak rettleiing om korleis dei kan redusere avfallet sitt eller handtere det på ein betre måte (t.d. betre kjeldesortering),
- samarbeide med privatpersonar og små føretak om spesifikke avfallsstraumar som vert rekna som problematiske (næringsmiddelavfall, tekstilar, bleier osv.),
- gjennomføre tiltak retta mot særlege målgrupper (t.d. barn/ungdom, pensjonistar, føretak, framandspråklege),
- betre forståinga av kva som skjer i praksis (drivande faktorar, årsaker, manglar).

Bruk

Denne beste miljøstyringspraksisen kan gjennomførast på alle nivå. Men avfallsrådgjevarane arbeider først og fremst på lokalt plan, ettersom dei handterer driftsrelaterte spørsmål (retningslinjer for avfallsførebygging og materialattvinning).

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i19) Andel av befolkninga i avfallsinnsamlingsområdet som har fått råd frå avfallsrådgjevarar i løpet av ein viss periode (t.d. % av befolkninga per månad).	b9) Det er etablert eit nettverk av avfallsrådgjevarar med minst éin rådgjevar per 20 000 innbyggjarar.
i20) Talet på avfallsrådgjevarar per 100 000 innbyggjarar.	

3.2.7. Kompostering heime eller i lokalmiljøet

I dei tilfella der kompostering heime eller i lokalmiljøet er den beste avfallshandteringsløysinga for biologisk avfall ut frå den vedtekne avfallshandteringsstrategien og/eller ut frå ein livsløpsvurderingsstudie om avfallshandteringsløysingar (sjå avsnitt 3.1.1 og 3.1.2), er dette beste miljøstyringspraksis:

- Systematisk å ta i bruk og fremje kompostering heime eller i lokalmiljøet, halde oversikt over talet på innbyggjarar som deltek, og registrere kvar komposteringsutstyr er installert og teke i bruk.
- Organisere innleiande haldningskampanjar ved hjelp av grafisk materiale, offentlege møte, avfallsrådgjevarar osv. (sjå avsnitt 3.2.5 og 3.2.6) for å gje innbyggjarane informasjon om og opplæring i kompostering heime eller i lokalmiljøet, føremonane ved dette, korrekt framgangsmåte (for å avgrense metanutslipp og jordureining og sikre god kvalitet på komposten), kva slags biologisk avfall som er best eigna, osv.
- Jamleg å gje innbyggjarane oppdatert informasjon om og opplæring i korrekt kompostering heime eller i lokalmiljøet.
- Jamleg å overvake komposteringsstadane der det vert utført kompostering heime eller i lokalmiljøet. Ei rekkje representative stadar kan inspiserast kvart år for å kontrollere at komposteringa vert korrekt utført, og sikre at miljøføremonane vert oppnådde.

Bruk

I dei tilfella der kompostering heime eller i lokalmiljøet er den beste avfallshandteringsløysinga for biologisk avfall, finst det ingen større restriksjonar mot å innføre denne beste miljøstyringspraksisen. Om kompostering heime eller i lokalmiljøet skal lukkast som miljøstyringsstrategi, avheng likevel for ein stor del av korleis avfallssorteringa og komposteringsprosessen vert handtert av innbyggjarane, som først må motiverast til å sortere organisk avfall, og deretter lærast opp til å handtere komposteringsprosessen korrekt. I byområde krevst det ytterlegare innsats for å organisere slik kompostering.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i21) Prosentdel av befolkninga som komposterer heime, eller som har tilgang til kompostering i lokalmiljøet (% av den samla befolkninga i avfallsinnsamlingsområdet).	b10) Alle innbyggjarar har tilgang anten til separat innsamling av biologisk avfall eller til kompostering av biologisk avfall heime eller i lokalmiljøet.
i22) Andel av befolkninga som komposterer på korrekt måte heime eller i lokalmiljøet, basert på eit årleg besøk og ein analyse av komposten som vert produsert (% av befolkninga som komposterer heime eller har tilgang til kompostering i lokalmiljøet).	
i23) Det er innført eit system for jamleg oppfølging av innbyggjarar som komposterer heime (J/N).	
i24) Prosentdel av heimekomposterarar som får årleg besøk (% av hushald som komposterer heime).	

Beste miljøstyringspraksis for avfallsførebygging

3.2.8. Lokale program for avfallsførebygging

Beste miljøstyringspraksis er å innføre avfallsførebyggjande tiltak som er retta mot både hushald og mot offentlege og private organisasjonar. Nokre døme på dette er innføring av lokale avgifter på plastposar, støtte til opning av reparasjonsverkstadar, innføring av bytestadar for produkt eller materiale innanfor innsamlingsområdet, og samarbeid med organisasjonar med eit sosialt føremål, ikkje-statlege organisasjonar og restaurantar for å oppmuntre til utarbeiding av avtaler som fremjar reduksjon av næringsmiddelavfall gjennom donasjonar. Avfallsførebyggjande tiltak kan fastsetjast ved å

- vurdere aktuelle avfallsgenereringsmønster i innsamlingsområdet,
- prioritere dei mest relevante avfallsstraumane når det gjeld førebyggingspotensial, t.d. næringsmiddelavfall og biologisk avfall, papir/papp, plastemballasje, glas og tekstilar,
- utarbeide ein lokal avfallsførebyggingsstrategi som involverer relevante interessepartar (t.d. privatpersonar, lokale føretak, organisasjonar med eit sosialt føremål, ikkje-statlege organisasjonar),
- overvake resultatane av dei avfallsførebyggjande tiltaka som er vedtekne, og vurdere avfallsførebyggingsstrategien i lys av resultatane.

Bruk

Avfallsførebyggjande tiltak må veljast med omhu ut frå lokale tilhøve og gjennomførast på ein tilfredsstillande måte (t.d. krevst det nokre gongar finansiell støtte), men det finst eigna tiltak for alle samanhengar.

Sjølv om visse viktige instrument for avfallsførebygging berre kan gjennomførast på internasjonalt eller nasjonalt plan (t.d. produktpolitikk, meirverdiavgifter), finst det òg handlingsrom på regionalt og lokalt plan.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i25) Innføring av ein lokal plan for avfallsførebygging, medrekna langsiktige og kortsiktige mål og føresegner for jamleg overvaking (J/N).	b11) Avfallsførebygging har ein strategisk verdi i avfallshandteringsstrategien, som omfattar eit lokalt avfallsførebyggingsprogram som støttar langsiktige (dvs. 10–20 år) og kortsiktige (dvs. 1–5 år) mål for avfallsførebygging, og som inneheld føresegner for jamleg overvaking.
i26) Budsjett som er avsett til avfallsførebyggingsprogram per innbyggjar per år (euro/innbyggjar/år).	
i27) Andel av det samla budsjettet til handtering av kommunalt fast avfall som er avsett til avfallsførebygging (%).	
i28) Talet på interessepartar som deltek i avfallsførebyggingsprogram.	

3.2.9. *Ordningar som fremjar ombruk av produkt og førebuing til ombruk av avfall*

Beste miljøstyringspraksis er å oppmuntre til at produkt som kan nyttast om att, vert leia utanom avfallsstraumane og over i ombruksstraumane ved aktivt å innføre eller leggje til rette for brukmarknader og kommunale bytemarknader (eventuelt via reparasjonsverkstadar) eller innsamlingar til velgjerdsmål. I tillegg kan avfallshandteringsorganisasjonar sende visse avfallsstraumar til førebuing til ombruk ved å innføre eller leggje til rette for at det vert skipa ombruks-/reparasjonssentralar.

Beste miljøstyringspraksis omfattar fire viktige tiltak:

- Samle inn produkt som er eigna til ombruk, før dei vert rekna som avfall, reparere dei dersom det trengst, og dele dei ut eller selje dei til privatpersonar og organisasjonar, medrekna velgjerdorganisasjonar.
- Samle inn avfallsgjenstandar som er eigna til ombruk, førebu dei til ombruk og dele dei ut eller selje dei til privatpersonar og organisasjonar, medrekna velgjerdorganisasjonar.
- Få i stand effektiv utveksling av informasjon for å gjere etterspurnaden etter og tilbodet av brukte produkt som kan nyttast om att, betre kjent.
- Overvake produksjonen (utan omsyn til om innsatsmateriala er klassifiserte som avfall eller produkt) til reparasjons- og ombrukssentralar som er akkrediterte på grunnlag av vedlegg IV til avfallsrammedirektivet (2008/98/EF).

Bruk

Denne beste miljøstyringspraksisen gjeld for alle avfallshandteringsorganisasjonar som handterer alle typar gjenstandar som kan nyttast om att, særleg klesplagg, møblar og elektrisk og elektronisk utstyr.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i29) Talet på ombrukssentralar / lokale reparasjonsverkstadar per 100 000 innbyggjarar.	b12) Leveringsstadane har bytestadar for produkt/materiale for å fremje ombruk.
i30) Talet på eller mengda (dvs. vekt eller volum) kasserte produkt som er samla inn til ombruk, og avfallsgjenstandar som er sende til førebuing til ombruk.	
i31) Talet på kundar hjå ombrukssentralar / lokale reparasjonsverkstadar per år.	
i32) Leveringsstadane har bytestadar for produkt/materiale for å fremje ombruk (J/N).	

Beste miljøstyringspraksis for innsamling av avfall

3.2.10. Strategi for innsamling av avfall

Beste miljøstyringspraksis er å utarbeide og gjennomføre ein strategi for innsamling av avfall som tek omsyn til

- dei viktigaste elementa i avfallshandteringsstrategien (t.d. talet på separat innsamla avfallsfraksjonar),
- måla som er fastsette i avfallshandteringsstrategien (t.d. andelen separat innsamla avfall av den samla innsamla avfallsmengda, prosentdelen ureinske i dei separat innsamla fraksjonane, inntekter frå avfall som kan materialattvinnast),
- kjenneteikna ved innsamlingsområdet (t.d. folketettleik og dei viktigaste bustadstypene),
- miljøhaldningar og -oppfatningar blant innbyggjarane,
- eventuelle andre særlege faktorar som påverkar avfallsinnsamlinga (t.d. om det finst turistar/pendlarar, særlege former for økonomisk verksemd, klima).

Det viktigaste målet med ein avfallsinnsamlingsstrategi er å kunne samle inn, til rett tid og på ein økonomisk måte, mest mogleg korrekt kjeldesortert avfall, for å lette den påfølgjande avfallssorteringa/-handsaminga med sikte på best mogleg materialattvinning. I mange tilfelle kan desse måla nåast ved å innføre

- hyppig dør til dør-innsamling av sortert næringsmiddelavfall (t.d. kvar veke eller oftare, alt etter årstid og klima),
- mindre hyppig innsamling av blanda avfall (t.d. annakvar veke),
- dør til dør-innsamling av avfall som kan materialattvinnast (t.d. papir, papp, boksar, plast, glas), kjeldesortert kvar for seg der slik praksis har aksept i befolkninga, elles blanda og deretter sortert ved eit materialutnyttingsanlegg; glas, papir og papp er det ofte meir effektivt å samle inn separat,
- eit praktisk nettverk av leveringsstadar (sjå avsnitt 3.2.12) som tek imot fraksjonar av hushaldsavfall som ikkje vert samla inn frå dør til dør eller frå gatebeholdarar, medrekna farleg avfall og biologisk avfall.

Bruk

Den dominerande sosioøkonomiske statusen og medvitet om materialattvinning i innsamlingsområdet må vurderast når strategien for avfallsinnsamling skal fastleggjast. Dyrare strategiar, til dømes dør til dør-innsamling, kan vise seg å vere meir kostnadseffektive straks dei er tekne i full bruk, men krev investeringar i starten.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i33) Deltakarprosent, dvs. kor stor del av befolkninga som nyttar avfallsinnsamlingssystemet ⁽¹⁾ (%).	b13) Det vert gjennomført dør til dør-innsamling av minst fire avfallsfraksjonar ⁽²⁾ i heile det innsamlingsområdet der kommunalt fast avfall vert handtert.
i34) Andel av det lokale området som er omfatta av eit særskilt avfallsinnsamlingssystem (%).	
i15) Andel av nøgde brukarar (% av innbyggjarar som er nøgde med innsamlinga av hushaldsavfall, og spesifikt med innsamlinga av separat innsamla fraksjonar).	
i35) Innsamling av grovavfall på førespurnad (J/N).	

(1) Data er vanlegvis tilgjengelege, basert på anslag, undersøkingar, kor ofte behaldarane for materiale som kan materialattvinnast, vert sette ut til innsamling, osv.

(2) I område der ulike avfallsfraksjonar vert samla inn blanda (t.d. metall og plastemballasje), vert den blanda fraksjonen rekna som éin fraksjon.

3.2.11. Interkommunalt samarbeid mellom små kommunar

Beste miljøstyringspraksis for små og mellomstore kommunar er å inngå interkommunalt samarbeid som gjer det mogleg å gjennomføre tiltak som vil vere for kostbare å innføre på eiga hand, og som kan føre til betre miljøprestasjon i avfallshandteringssystemet. Kommunane kan gå saman om å setje i verk eller setje ut enkelte avfallshandteringstenester, med sikte på å oppnå stordriftsføremonar og bygge opp ein kritisk masse.

Interkommunalt samarbeid gjer det mogleg for dei deltakande kommunane å

- dele fellesutgifter til administrasjon,
- redusere utgifter per eining og betre kvaliteten på tenestene gjennom stordriftsføremonar,
- trekkje til seg investeringsmidlar som vert sette av til prosjekt av eit visst minsteomfang (t.d. EUs strukturfond og andre investeringsordningar), og
- betre det økonomiske resultatet gjennom samordna planlegging, og samstundes oppnå betre vern av miljøet.

Bruk

Det finst ingen særlege hindringar for interkommunalt samarbeid innanfor avfallshandtering. Stordriftsføremonane vil likevel berre vere tydelege for små og mellomstore kommunar.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i36) Gjennomføring av interkommunalt samarbeid med andre kommunar (J/N).	—

3.2.12. Leveringsstadar

Som eit viktig supplement til ei effektiv dør til dør-innsamling (langs fortauskanten) av dei vanlegaste avfallsfraksjonane er beste miljøstyringspraksis å drive leveringsstadar (og kalla containerplassar, innsamlingscentralar, innsamlingspunkt, returpunkt, miljøstasjonar osv.) der innbyggjarar og små føretak kan kvitte seg med flest mogleg avfallsfraksjonar til separat innsamling.

Beste praksis for leveringsstadar omfattar følgjande:

- Det finst minst éin leveringsstad i lokalmiljøet, eller det finst ein mobil stasjon som er jamleg tilgjengeleg.
- Separat innsamling av flest mogleg fraksjonar, og høve til å kvitte seg med alle typar hushaldsavfall.
- Opplæring av personale ved leveringsstadane for å sikre best mogleg materialattvinning, andre former for attvinning og trygg slutthandsaming.
- Område med vass tett dekke, og oppsamling av avrenningsvatn med sikte på eigna handsaming.
- Lett tilgang til stasjonane (t.d. tilgjengelege utan bil for ein stor del av befolkninga), mellom anna som følge av mobile/mellombelse innsamlingsstasjonar.
- Lange opningstider for å gjere stasjonane lettare tilgjengelege for innbyggjarane. Opningstidene kan variere avhengig av årstid (særleg for hageavfall).

Bruk

Konseptet med innsamlingscentralar kan nyttast breitt. Den endelege materialattvinningsgraden for dei innsamla avfallsstraumane avheng òg av at det finst tilgjengelege nedstraumsmarknadar.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i37) Talet på leveringsstadar per 100 000 innbyggjarar.	b14) Kommunar med minst 1 000 innbyggjarar har minst éin leveringsstad eller ein mobil stasjon som jamleg vert gjort tilgjengeleg.
i38) Talet på ulike fraksjonar som vert samla inn ved leveringsstadane.	
i32) Leveringsstadane har bytestadar for produkt/materiale for å fremje ombruk (J/N).	b15) Ved leveringsstadane vert det samla inn minst 20 ulike avfallsfraksjonar.
i39) Leveringsstadane er lett tilgjengelege, t.d. utan bil (J/N).	b16) Leveringsstadane har bytestadar for produkt/materiale for å fremje ombruk.

3.2.13. *Logistikkoptimalisering av avfallsinnsamling*

Beste miljøstyringspraksis for å optimalisere logistikken for avfallsinnsamling er å

- installere eit innsamlingssystem som er eit alternativ til vegtransport der dette er relevant, til dømes eit pneumatisk system i byområde,
- nytte CVRS-teknologi (CVRS – *Computerised Vehicle Routing and Scheduling*) til å optimalisere innsamlingsrundane,
- undersøkje om det er mogleg å samarbeide med avfallshandteringsorganisasjonar i nærliggjande område,
- jamføre drivstoff-/energiforbruk og/eller CO₂-utslepp,
- integrere ein eller fleire miljøparametrar, til dømes samla energibehov og/eller CO₂-utslepp, i nettverksutforminga og ruteoptimaliseringsalgoritmane,
- installere telematikkutstyr i innsamlingskøyretøy for GPS-basert optimalisering av rutene i sanntid, og lære opp sjåførar i energioekonomisk køyring.

Bruk

Alle organisasjonar som tek del i avfallsinnsamling, kan gjennomføre ein viss grad av logistikkoptimalisering (t.d. planleggje kvar avfallsbeholdarar skal plasserast). I visse tilfelle er likevel tiltaka avgrensa av eksisterande organisasjonsstrukturar (t.d. løpande kontraktar om avfallsinnsamlingstenester med eksterne leverandørar).

Når det gjeld optimalisering av innsamlingsstrategien, er det viktigare å optimalisere materialattvinninga enn logistikken.

Pneumatiske system for avfallsinnsamling passar betre i tett folkesette område og er lettare å installere i område med nybygging enn i allereie eksisterande byområde.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i40) Forbruk av drivstoff per tonn innsamla avfall ⁽¹⁾ (liter/t).	
i41) Utslepp av klimagassar per tonn avfall og per køyrt kilometer (kg CO ₂ e/tkm).	—

(¹) Avhengig av kva avfallsinnsamlingssystem som vert nytta (t.d. køyretøy og/eller pneumatisk innsamling, type køyretøy), og kva data som er tilgjengelege, kan andre indikatorar vere meir nyttige, til dømes primærenergiforbruk per tonn innsamla avfall, samla energibehov per tonn innsamla avfall, utslepp av klimagassar per tonn innsamla avfall.

3.2.14. *Lågutsleppskøyretøy*

Beste miljøstyringspraksis er å redusere drivstofforbruket til og utsleppa frå avfallsinnsamlingskøyretøy. Prioriterte teknologiløysingar omfattar

- stopp-start- og tomgangsinnretningar,
- dekk med låg rullestand,
- hybridkøyretøy,
- køyretøy som nyttar naturgass/biometan eller to typar drivstoff (diesel/gass),
- elektriske køyretøy.

Bruk

Denne beste miljøstyringspraksisen kan nyttast i mange samanhengar. Tilgjengelegheita til drivstoff- eller ladestasjonar er eit mindre problem ved avfallsinnsamling enn ved andre typar transport, fordi køyretøya vanlegvis vert nytta på kortare strekningar og køyretøyparken vert driven frå eit sentralt avfallsdepot der køyretøya kan tankast.

Komprimert naturgass (CNG) er tilgjengeleg i alle medlemsstatane i EU. Biometan finst kanskje ikkje i så mange regionar, men vått organisk avfall (t.d. næringsmiddelavfall) kan nyttast til å produsere biogass som kan oppgraderast til biometan til transportbruk.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i42) Gjennomsnittleg drivstofforbruk for avfallsinnsamlingskøyretøya (liter/100 km).	b17) Alle nye avfallsinnsamlingskøyretøy som vert innkjøpte eller leasa av avfallshandteringsorganisasjonen, oppfyller krava i Euro 6 og nyttar enten komprimert naturgass eller biogass som drivstoff eller er hybridkøyretøy eller elektriske køyretøy.
i43) Andel av køyretøy i den samla parken av avfallsinnsamlingskøyretøy som oppfyller krava i Euro 6 (%).	
i44) Andel av avfallsinnsamlingskøyretøy som er hybridkøyretøy, elektriske køyretøy eller nyttar naturgass eller biogass som drivstoff (%).	

Beste miljøstyringspraksis for ordningar for utvida produsentansvar

3.2.15. *Beste bruk av stimuleringsiltak frå produsentansvarsorganisasjonar*

Beste miljøstyringspraksis for produsentansvarsorganisasjonar er å betre prestasjonen til ordninga si for utvida produsentansvar ved å innføre stimuleringsiltak (som går lenger enn dei lovfesta krava) som medverkar til auka separat innsamling, ombruk og materialattvinning av det avfallet som vert samla inn innanfor ramma av det utvida produsentansvaret. Produsentansvarsorganisasjonane kan mellom anna gjennomføre følgjande tiltak:

- Oppmuntre innbyggjarane til å kjeldesortere avfall oftare og betre gjennom innovative kommunikasjonstiltak, til dømes konkurransar mellom innsamlingsområde.
- Samarbeide tett (økonomisk, teknisk og/eller logistisk) med offentlege styresmakter på regionalt/lokalt plan.
- Samarbeide med aktørar med eit sosialt føremål om innsamling og ombruk av produkt.
- Oppmuntre produsentar til å utforme meir berekraftige produkt (t.d. ved bruk av differensierte avgifter).
- Nytte referansemåling på oppnådde miljømål på ulike område som ordninga for utvida produsentansvar omfattar, t.d. på innsamlingsområda til offentlege styresmakter på regionalt/lokalt plan.

Bruk

Den faktiske innverknaden som ein produsentansvarsorganisasjon har på det utvida produsentansvaret, er avhengig av den nasjonale strukturen og den rettslege fordelinga av roller og ansvarsområde. Bruk av visse stimuleringsiltak vil krevje tildeling av midlar. Styringsstrukturen til produsentansvarsorganisasjonen (eigd av produsenten eller ikkje, kommersiell eller ikkje, osv.) kan spele inn i denne samanhengen.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i45) Materialattvinningsgrad (% av avfall som faktisk vert materialattvunne eller sendt til materialattvinning, av det samla avfallet som er omfatta av ordninga for utvida produsentansvar).	
i46) Grad av førebuing til ombruk (% av avfall som vert levert som innsatsmateriale til ein sentral for førebuing til ombruk, av det samla avfallet som er omfatta av ordninga for utvida produsentansvar).	
i47) (gjeld på lokalt plan for eit spesifikt lokalt område der ordninga for utvida produsentansvar er innført) Andelen av produkt som er omfatta av ordninga for utvida produsentansvar, som vert funne i restavfallet, på grunnlag av ein plukkanalyse (% av den samla mengda blanda avfall).	
i48) (gjeld for eit spesifikt nasjonalt, regionalt eller lokalt område der det er innført ei ordning for utvida produsentansvar for emballasjeavfall) Andelen av emballasje som er omfatta av ordninga for utvida produsentansvar, som det selektive separate innsamlingssystemet er retta mot (% av den samla mengda emballasje som er omfatta av ordninga for utvida produsentansvar, som er bringa i omsetning).	

Beste miljøstyringspraksis for avfallshandsaming

3.2.16. *Sortering av blanda avfall av lett emballasje for å få størst mogleg utbytte ved materialattvinning for høg kvalitet på produksjonen*

Når avfall av lett emballasje (dvs. emballasje av plast, komposittmateriale, aluminium og stål, iblant òg med fibrar (papir og papp)) vert samla inn saman (blanda), er beste miljøstyringspraksis å gjennomføre avansert sortering av det blanda emballasjeavfallet i materialattvinningsanlegg.

Eit typisk moderne materialattvinningsanlegg har fem tekniske hovudavdelingar:

- Innmating og førehandsaming: Dette omfattar opning av posar og innmating av ein konstant straum av materiale.
- Førehandssortering: Dette omfattar fjerning av ueigna avfall.
- Sortering: Dette omfattar fleire steg, t.d. fjerning av fibrar frå behaldarar, sortering av fibrar, sortering av metallboksar ved bruk av magnetar, kvervelstraumar eller røntgenstråling, ei første sortering av plastbehaldarar etter polymer (t.d. skiljing av PET-flasker frå andre plastbehaldarar).
- Raffinering: Dette omfattar ytterlegare sorteringssteg, til dømes vidare sortering av polymerar etter type (t.d. HDPE, PP) og farge, slik at kvaliteten på det materialet som vert produsert, oppfyller marknadskrava. Kvalitetskontrollen vert utført ved automatisk eller manuell sortering.
- Produkthandtering: Dette omfattar pressing og lagring av produkt i form av ballar, lausmateriale eller i containerar, men kan òg omfatte lasteoperasjonar for ytterlegare nedstraumsprosessar.

Ettersom materialattvinningsanlegg ofte tek imot og sorterer materiale frå ulike lokale innsamlingsordningar og med varierende samansetnad, må eit moderne anlegg vere fleksibelt nok til å kunne handtere slik variasjon på ein effektiv måte.

Bruk

I prinsippet er det ingen hindringar for å byggje og drive eit sorteringsanlegg for emballasjeavfall. Nøye planlegging (som særleg tek omsyn til eksisterande innsamlingsordningar, kapasiteten til anlegget og tilgjengelege marknader for dei sorterte materiala) er likevel naudsynt som eit ledd i eit integrert avfallshandteringskonsept. Ein viktig faktor som må fastsetjast, er den optimale kapasiteten til anlegget. I tillegg vil graden av ureinske i blanda avfall av lett emballasje som vert levert til anlegget, påverke drifta, ytinga (t.d. sorteringsgraden) og økonomien til anlegget (t.d. handsamingskostnader, inntekter frå fraksjonar som kan materialattvinnast).

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i49) Sorteringsgraden til anlegget (vektprosent), utrekna som den årlege mengda materiale som vert send til materialattvinning, dividert med den årlege mengda blanda emballasjeavfall som vert handsama ⁽¹⁾ .	b18) Materialutnyttingsanlegg som sorterer blanda avfall av lett emballasje, har ein sorteringsgrad på minst 88 %.
i50) Energieffektivitet (kJ/t), utrekna som det samla årlege energiforbruket til anlegget, dividert med mengda blanda emballasjeavfall som vert handsama.	
i51) Utslepp av klimagassar (t CO ₂ e/t), utrekna som samla årleg utslepp av CO ₂ -ekvivalentar frå anlegget (kategori (scope) 1 og 2), dividert med mengda blanda emballasjeavfall som vert handsama.	
⁽¹⁾ Denne indikatoren kan reknast ut både for det samla blanda emballasjeavfallet og for den einkilde straumen av utgåande materiale, på grunnlag av ein plukkanalyse av det blanda emballasjeavfallet som vert handsama.	

3.2.17. Handsaming av blanda plastemballasjeavfall for å få størst mogleg utbytte ved materialattvinning for høg kvalitet på produksjonen

Beste miljøstyringspraksis er å handsame blanda plastemballasjeavfall som er innsamla separat, i einkilde materialstraumar som kan omdannast til verdifulle sekundærråstoff av høg kvalitet og til materialattvunne produkt. Prosessen omfattar følgjande steg:

- Sortering av fleksibelt plastemballasjeavfall frå harde gjenstandar (filmsortering) ved hjelp av filmgriparar, lufttromlar eller ballistiske separatorar, etterfølgd av manuell kvalitetstrygging.
- Sortering av plastflasker og andre harde gjenstandar etter polymer og farge ved bruk av optiske sorteringssystem.
- Reduksjon av sorterte filmar og harde restmateriale (som separate straumar) i flak ved bruk av granulatorar.
- Reinsing av plastemballasje i flak ved bruk av friksjonsreinsing (tørr- eller våtoppmalingsystem).
- Utskiljing og vasking av plastemballasje i flak etter polymer og farge ved bruk av optiske sorteringssystem eller densitets-separeringsteknologi.
- Ekstrudering av materiale i flak til pelletar.

Bruk

Gode avfallsinnsamlingssystem og god kvalitet på dei innsamla materiala må sikrast for at det materialattvunne materialet skal vere eigna for marknaden. Dagens marknadstendensar i retning av meir komplekse plastprodukt med fleire lag og fleire typar materiale gjer det mykje vanskelegare å sortere og bearbeide blanda plast. Som med dei føregåande beste miljøstyringspraksisane er det ingen generelle hindringar for å byggje og drive eit slikt anlegg. Likevel er det viktig med nøye planlegging og fastsetjing av den optimale kapasiteten til anlegget.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i52) Handsamingsgraden til anlegget (vektprosent), utrekna som den årlege mengda materiale som vert send til materialattvinning, dividert med den årlege mengda blanda plastemballasjeavfall som vert handsama ⁽¹⁾ .	b19) Plastattvinningsanlegg som handsamar blanda plastemballasjeavfall, har ein handsamingsgrad på minst 60 %.
i50) Energieffektivitet (kJ/t), utrekna som det samla årlege energiforbruket til anlegget, dividert med mengda blanda plastemballasjeavfall som vert handsama.	
i51) Utslepp av klimagassar (t CO ₂ e/t), utrekna som samla årleg utslepp av CO ₂ -ekvivalentar frå anlegget (kategori (<i>scope</i>) 1 og 2), dividert med mengda blanda plastemballasjeavfall som vert handsama.	
i53) Vassforbruk (m ³ /t), utrekna som det samla årlege vassforbruket til anlegget, dividert med mengda blanda plastemballasjeavfall som vert handsama.	

(¹) Denne indikatoren kan reknast ut både for det samla blanda plastemballasjeavfallet og for den einskilde straumen av utgåande materiale, på grunnlag av ein plukkanalyse av det blanda plastemballasjeavfallet som vert handsama.

3.2.18. *Handsaming av madrassar for betre materialattvinning*

Beste miljøstyringspraksis er å desinfisere og demontere kasserte madrassar, og skilje og sortere ulike materiale etter type.

Fem tekniske hovudprosessar kan peikast ut i eit optimalt anlegg for handsaming av kasserte madrassar:

- Innmating og lagring: Mottak (lossing) og tørr lagring for å unngå kontaminering, sortering etter type.
- Desinfisering: Sterilisering ved kjemisk handsaming eller varmehandsaming.
- Oppdeling: Bortskjering av madrasstrekk og kantbindingar.
- Demontering og sortering: Skiljing og sortering av ulike materiale etter type.
- Handtering av materiale: Komprimering til ballar, produktlagring i form av ballar, lausmateriale (sorteringsrestar) eller i containerar (metall) før levering til nedstrømsprosessar (t.d. materialattvinning av metall).

Demonterings- og sorteringsprosessane kan utførast mekanisk eller manuelt (meir vanleg).

Bruk

Det finst ingen større tekniske hindringar for bruken av denne beste miljøstyringspraksisen. Handsamingsprosessen er enkel og krev ingen større investeringar, sjølv ikkje for dei mest automatiserte prosessane.

Dei viktigaste hindringane for materialattvinning av madrassar er følgjande:

- Økonomiske faktorar, særleg dei låge deponeringskostnadane og den låge kvaliteten på materiale som stammar frå madrassar, saman med behovet for å lagre kasserte madrassar på ein rein og tørr plass, og at nyare madrassar er utforma på ein måte som gjer dei vanskelege å demontere.
- Låg handsamingskapasitet ved anlegga, avgrensa av talet på kasserte madrassar som kan samlast inn til overkomelege transportkostnadar i området rundt anlegget.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i54) Sorteringsgraden til anlegget (vektprosent), utrekna som den årlege mengda materiale som vert send til materialattvinning, dividert med den årlege mengda kasserte madrassar som vert handsama.	b20) Anlegg som handsamar kasserte madrassar, har ein sorteringsgrad på minst 91 %.
i50) Energieffektivitet (kJ/t), utrekna som det samla årlege energiforbruket til anlegget, dividert med mengda kasserte madrassar som vert handsama.	
i51) Utslepp av klimagassar (t CO ₂ e/t), utrekna som samla årleg utslepp av CO ₂ -ekvivalentar frå anlegget (kategori (<i>scope</i>) 1 og 2), dividert med mengda kasserte madrassar som vert handsama.	

3.2.19. *Handsaming av absorberande hygieneprodukt for betre materialattvinning*

Beste miljøstyringspraksis er at avfall frå absorberande hygieneprodukt som er innsamla separat, vert handsama for materialattvinning.

Den sentrale prosessen er varmehandsaming i ein autoklav, eit horisontalt sylindrerforma kar der avfallet vert desinfisert og opna. Gjennom ein mekanisk prosess vert deretter den utgåande faste materialstraumen findelt og åtskild til to komponentar: polypropylen- og polyetylenplast og cellulosefibrar, som kan sendast til materialattvinning.

Bruk

Denne beste miljøstyringspraksisen kan nyttast breitt, ettersom det ikkje finst særlege geografiske eller tekniske hindringar. Visse særlege tilhøve kan likevel påverke den tekniske og økonomiske gjennomføringsevna til denne handsamingsløysinga:

- Gjennomføring av ei selektiv innsamlingsordning for avfallet er ein føresetnad.
- Anlegget bør ha ein handsamingskapasitet på minst 8 000 t/år.
- Transportavstanden frå innsamlingsområda til anlegget, og kostnadane ved deponering og forbrenning.
- Folketettleiken i innsamlingsområdet.
- Kriteria og reglane for når avfall ikkje lenger er avfall, og den lokale marknaden for attvunne materiale (plast og cellulose).

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i55) Sorteringsgraden til anlegget (vektprosent), utrekna som den årlege mengda materiale som vert send til materialattvinning, dividert med den årlege mengda avfall frå absorberande hygieneprodukt som vert handsama.	b21) Anlegg som handsamar avfall frå absorberande hygieneprodukt, har ein sorteringsgrad på minst 90 %.
i50) Energieffektivitet (kJ/t), utrekna som det samla årlege energiforbruket til anlegget, dividert med mengda avfall frå absorberande hygieneprodukt som vert handsama.	

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i51) Utslepp av klimagassar (t CO ₂ e/t), utrekna som samla årleg utslepp av CO ₂ -ekvivalentar frå anlegget (kategori (<i>scope</i>) 1 og 2), dividert med mengda avfall frå absorberande hygieneprodukt som vert handsama.	
i53) Vassforbruk (m ³ /t), utrekna som det samla årlege vassforbruket til anlegget, dividert med mengda avfall frå absorberande hygieneprodukt som vert handsama.	

3.3. Vanlege miljøprestasjonsindikatorar for kommunalt fast avfall

I tillegg til indikatorane som er fastsette i kvar einskild beste miljøstyringspraksis for kommunalt fast avfall, er det i dette avsnittet fastsett miljøprestasjonsindikatorar som kan nyttast til å vurdere prestasjonen til system for handtering av kommunalt fast avfall.

Kvar indikator som er oppført i dette avsnittet, vurderer berre visse delar av prestasjonen til systemet for handtering av kommunalt fast avfall. For å få ei samla forståing bør dei ulike indikatorane analyserast saman.

Indikatorar for eit samla system for handtering av kommunalt fast avfall

3.3.1. Generering av kommunalt fast avfall

Denne indikatoren måler den samla årlege mengda kommunalt fast avfall⁽¹⁴⁾ som vert generert per innbyggjar⁽¹⁵⁾. Indikatoren er nyttig for å overvake dei generelle tendensane når det gjeld avfallsgenerering, og resultatane av innsatsen for å fremje avfallsførebygging.

Miljøprestasjonsindikator	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i56) Generering av kommunalt fast avfall (kg/innbyggjar/år).	<p>b22) Mengda kommunalt fast avfall som vert generert per år i innsamlingsområdet som vert forvalta eller handtert (innsamla gjennom alle dei ulike avfallsinnsamlings-systema i området), utgjør</p> <ul style="list-style-type: none"> — mindre enn 75 % av det nasjonale gjennomsnittet for kommunal avfallsgenerering⁽¹⁾, etter den nasjonale definisjonen av kommunalt avfall som vert nytta i landet, eller — mindre enn 360 kg/innbyggjar, dersom dette vert rekna ut berre for dei følgjande avfallsfraksjonane⁽²⁾: <ul style="list-style-type: none"> i) organisk/biologisk avfall (t.d. hageavfall, næringsmiddelavfall, kjøkenavfall), ii) blanda emballasje, iii) papir og papp, iv) glas, v) plast, vi) metall,

⁽¹⁴⁾ Ved utrekninga av denne indikatoren og indikatorane i avsnitt 3.3.2, 3.3.3, 3.3.4 og 3.3.7 kan den samla mengda kommunalt fast avfall som vert generert per år, bytast ut med den samla mengda hushaldsavfall som vert generert per år, dersom det berre ligg føre opplysningar om hushaldsavfall.

⁽¹⁵⁾ Ved utrekninga av denne indikatoren og indikatorane i avsnitt 3.3.2, 3.3.3, 3.3.4 og 3.3.7 kan talet på innbyggjarar bytast ut med personekvivalentar dersom det er relevant å rekne med turistar. Personekvivalenten vert rekna ut på grunnlag av talet på turistar i den perioden som er vald for utrekninga.

Miljøprestasjonsindikator	Referansepunkt for framifrå kvalitet
	vii) grovavfall, viii) avfall frå elektrisk og elektronisk utstyr og ix) blanda avfall.

(¹) Som innmeldt av dei nasjonale styresmaktene eller statistikkontoret til Den europeiske unionen (Eurostat).

(²) Desse fraksjonane er valde ut fordi dei ofte vert overvaka i EU av lokale avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak, og dei er vanlegvis dei mest relevante fraksjonane (etter vekt) i kommunalt fast avfall.

Indikatoren tek omsyn til alle dei ulike straumane av kommunalt fast avfall som vert samla inn separat ved hjelp av alle dei ulike innsamlingssystema som finst i det aktuelle området (t.d. dør til dør, leveringsstadar, gatebeholdarar). I område der det ikkje finst detaljert overvaking eller der ein del av det genererte avfallet ikkje vert samla inn gjennom det formelle kommunale avfallsinnsamlingssystemet, kan tala for generering av kommunalt fast avfall verke lågare enn det som faktisk er tilfelle. I tillegg vert denne indikatoren påverka av ytre faktorar som ikkje har noko å gjere med avfallshandlinga i det relevante lokale området, til dømes plassering (land-/byområde), bruttonasjonalprodukt og forbruksmønster, vêr og om det finst mange turistar eller dagpendlarar i området.

3.3.2. Mengda innsamla blanda kommunalt fast avfall

Denne indikatoren måler mengda blanda kommunalt fast avfall som vert samla inn per innbyggjar per år. Indikatoren er nyttig for å overvake systemet for separat innsamling av kommunalt fast avfall og den evna systemet har til å integrere kommunalt fast avfall i dei separat innsamla fraksjonane som vert sende til materialattvinning. Generelt vert blanda avfall utsett for handsamingsprosessar som er mindre gunstige, i samsvar med avfallshierarkiet, jamført med separat innsamla fraksjonar.

Miljøprestasjonsindikator	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i57) Mengda blanda avfall som er innsamla (kg/innbyggjar/år).	—

Denne indikatoren tek omsyn til avfallet som er samla inn som ikkje-kjeldesortert blanda avfall. Indikatoren vert påverka ikkje berre av kor mykje av det innleverte blanda avfallet som burde ha vore kjeldesortert, men òg av kva avfallsfraksjonar som det ikkje finst separate innsamlingssystem for. Mengda blanda kommunalt fast avfall varierer difor mykje, avhengig av kva typar avfallsinnsamlingssystem som er innførte, t.d. om biologisk avfall vert samla inn separat eller ikkje, og kva type biologisk avfall som kan leverast i den separat innsamla fraksjonen. I tillegg vert denne indikatoren påverka av ytre faktorar som ikkje har noko å gjere med avfallshandlinga i det relevante lokale området, til dømes plassering (land-/byområde), bruttonasjonalprodukt og forbruksmønster, vêr og om det finst mange turistar eller dagpendlarar i området.

3.3.3. Kommunalt fast avfall som vert sendt til energiutnytting og/eller slutthandsaming

Denne indikatoren måler den årlege mengda kommunalt fast avfall per innbyggjar som vert handsama anten ved forbrenning med energiutnytting og/eller slutthandsaming, t.d. ved deponering eller ved forbrenning utan energiutnytting. Indikatoren er nyttig for å overvake kor stor mengd kommunalt fast avfall som vert handsama med mindre gunstige metodar jamført med materialattvinning, i samsvar med avfallshierarkiet (dvs. energiutnytting og/eller slutthandsaming).

Miljøprestasjonsindikator	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i58) Avfall som vert sendt til energiutnytting og/eller slutthandsaming (kg/innbyggjar/år).	b23) Mengda innsamla blanda kommunalt fast avfall per år som vert send til energiutnytting og/eller slutthandsaming, utgjær — mindre enn 15 % av det nasjonale gjennomsnittet for kommunal avfallsgenerering(¹), eller

Miljøprestasjonsindikator	Referansepunkt for framifrå kvalitet
	— mindre enn 70 kg/innbyggjar.

(¹) Som innmeldt av dei nasjonale styresmaktene eller statistikkontoret til Den europeiske unionen (Eurostat).

Denne indikatoren tek omsyn til alle straumar av kommunalt fast avfall som vert sende direkte, som blanda avfall eller etter førehandsaming (t.d. mekanisk-biologisk handsaming), til energiutnytting og/eller slutthandsaming. Indikatoren omfattar òg straumen av avfallsrestar frå sortering eller materialattvinning av separat innsamla fraksjonar som ikkje vert attvunne, men sende til energiutnytting og/eller slutthandsaming. Dersom det ikkje finst tilgjengelege opplysningar om straumen av avfallsrestar frå sortering eller materialattvinning av separat innsamla fraksjonar, kan denne indikatoren reknast ut delvis ved å ta med berre den mengda blanda avfall som vert send til energiutnytting og/eller slutthandsaming, i rapporteringa. I slike tilfelle skal den lokale avfallsstyresmakta (eller avfallshandteringsføretaket) gjere tydeleg greie for kva delar som er og ikkje er tekne med i utrekninga⁽¹⁶⁾.

Indikatoren vert òg påverka av ytre faktorar som ikkje har noko å gjere med avfallshandteringa i det relevante lokale området, til dømes plassering (land-/byområde), bruttonasjonalprodukt og forbruksmønster, vêr og om det finst mange turistar eller dagpendlarar i området.

3.3.4. Kommunal fast avfall som vert sendt til slutthandsaming

Denne indikatoren måler mengda kommunalt fast avfall som vert send til slutthandsaming per innbyggjar per år, til dømes til forbrenning utan energiutnytting eller til deponering. Indikatoren er nyttig for å overvake om handteringa av kommunalt fast avfall har fått ei betre plassering i avfallshierarkiet: Dersom avfallsmengda som vert send til slutthandsaming, minkar, har anten avfallsførebygginga auka eller meir avfall vorte førebudd til ombruk, materialattvunne eller sendt til energiutnytting.

Miljøprestasjonsindikator	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i59) Avfall som vert sendt til slutthandsaming (kg/innbyggjar/år).	b24) Mengda kommunalt fast avfall som vert send til slutthandsaming per år, utgjer — mindre enn 2 % av det nasjonale gjennomsnittet for kommunal avfallsgenerering, eller — mindre enn 10 kg/innbyggjar.

Denne indikatoren tek omsyn til alle straumar av kommunalt fast avfall som vert sende direkte, som blanda avfall eller etter førehandsaming (t.d. mekanisk-biologisk handsaming), til slutthandsaming. Indikatoren omfattar òg straumen av avfallsrestar frå sortering eller materialattvinning av separat innsamla fraksjonar som ikkje vert materialattvunne, men sende til slutthandsaming. Dersom det ikkje finst tilgjengelege opplysningar om straumen av avfallsrestar frå sortering eller materialattvinning av separat innsamla fraksjonar, kan denne indikatoren reknast ut delvis ved å ta med berre den mengda blanda avfall som vert send til slutthandsaming, i rapporteringa. I slike tilfelle skal den lokale avfallsstyresmakta (eller avfallshandteringsføretaket) gjere tydeleg greie for kva delar som er og ikkje er tekne med i utrekninga.

Indikatoren vert òg påverka av ytre faktorar som ikkje har noko å gjere med avfallshandteringa i det relevante lokale området, til dømes plassering (land-/byområde), bruttonasjonalprodukt og forbruksmønster, vêr og om det finst mange turistar eller dagpendlarar i området.

⁽¹⁶⁾ Referansepunkt b23 viser til dømes berre til den mengda kommunalt fast avfall som er innsamla som blanda avfall og send til energiutnytting og/eller slutthandsaming.

Særlege indikatorar for avfallsstraumar

3.3.5. Utsorteringsgrad for ein spesifikk avfallsstraum

Denne indikatoren måler kor stor del av den anslåtte genereringa av ein spesifikk avfallsfraksjon som vert samla inn separat (t.d. plast, metall, papir og papp, glas og blanda emballasje). Indikatoren er nyttig for å overvake kor effektivt eit separat avfallsinnsamlingssystem er til å fange opp dei fraksjonane som kan materialattvinnast.

Miljøprestasjonsindikator	Referansepunkt for framifrå kvalitet
(i60) Utsorteringsgrad for ein spesifikk avfallsstraum (%).	<p>b25) Utsorteringsgraden for glas som vert samla inn separat som éin fraksjon (dvs. ikkje i eit innsamlingssystem for blanda avfall), er høgare enn 90 %.</p> <p>b26) Utsorteringsgraden for papir og papp som vert samla inn separat som éin fraksjon (dvs. ikkje i eit innsamlingssystem for blanda avfall), er høgare enn 85 %.</p> <p>b27) Utsorteringsgraden for metall som vert samla inn separat som éin fraksjon (dvs. ikkje i eit innsamlingssystem for blanda avfall), er høgare enn 75 %.</p> <p>b28) Utsorteringsgraden for blanda emballasjeavfall er høgare enn 65 %.</p>

Denne indikatoren vert rekna ut ved å dividere den samla mengda som vert samla inn gjennom ein separat innsamla avfallsstraum, med den samla genereringa av det avfallet som denne separate innsamlinga er retta mot, ved hjelp av ein plukkanalyse av det blanda avfallet⁽¹⁷⁾.

Denne indikatoren kan verte påverka dersom det finst panteordningar for visse typar avfall (t.d. plastflasker) som det ikkje kan skiljast ut data om på lokalt plan. I slike tilfelle vil den faktiske utsorteringsgraden vere høgare enn den som er rekna ut, fordi dei avfallsmengdene som vert samla inn gjennom panteordninga, ikkje kjem fram i den lokale statistikken over separat innsamla avfallsfraksjonar.

3.3.6. Grad av ureinske i ein spesifikk avfallsstraum

Denne indikatoren måler mengda materiale som ikkje er målmateriale, i ein spesifikk separat innsamla avfallsstraum. Indikatoren er nyttig for å overvake kor effektiv den separate avfallsinnsamlinga er, ved å vurdere mengda feilsortert materiale i dei fraksjonane som kan materialattvinnast.

Miljøprestasjonsindikator	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i61) Grad av ureinske i ein spesifikk avfallsstraum (%).	—

⁽¹⁷⁾ Som døme på dette vert utsorteringsgraden for den separat innsamla fraksjonen av glas rekna ut slik:

$$\text{Utsorteringsgrad for glas} = \frac{\text{kg separat innsamla glas}}{\text{kg samla generering av glasavfall}}$$

der

$$\text{samla generering av glasavfall} = \text{kg separat innsamla glas} + \text{kg glas i blanda avfall}$$

$$\text{kg glas i blanda avfall} = \text{kg samla blanda avfall} * \% \text{ glas i blanda avfall}$$

% glas i blanda avfall vert rekna ut på grunnlag av ein plukkanalyse av det blanda avfallet.

Denne indikatoren tek omsyn til mengda feilsortert materiale (som følgje av feil kjeldesortering og vurdert ved plukkanalyse av separat innsamla avfallsfraksjonar) i det separat innsamla avfallet til materialattvinning. Mengda ureinske i separat innsamla fraksjonar til materialattvinning varierer òg etter kva type system for separat innsamling som vert nytta, t.d. har plastflasker innsamla gjennom panteordningar, ofte svært lite ureinske, medan nivået er ein god del høgare for blanda lett emballasje.

3.3.7. *Biologisk avfall i blanda avfall*

Denne indikatoren måler mengda biologisk avfall som inngår i blanda avfall per innbyggjar per år. Indikatoren er nyttig for å måle kor mykje biologisk avfall som vert feilsortert ved kjelda, og som ikkje vert fanga opp av eit separat innsamlingsystem for biologisk avfall eller nytta av innbyggjarane til kompostering heime eller i lokalmiljøet.

Miljøprestasjonsindikator	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i62) Biologisk avfall i blanda avfall (kg/innbyggjar/år).	b29) Den årlege mengda biologisk avfall i blanda avfall utgjer mindre enn 10 kg/innbyggjar.

Mengda biologisk avfall i blanda avfall vert rekna ut på grunnlag av ein plukkanalyse av det blanda avfallet. Mengda biologisk avfall i blanda avfall varierer òg etter kva type system for separat innsamling av biologisk avfall som vert nytta, t.d. kva type biologisk avfall som er tillate i den separat innsamla fraksjonen, og om det er mogleg for innbyggjarane å kompostere heime eller i lokalmiljøet.

3.4. **Beste miljøstyringspraksis for byggje- og rivingsavfall**

I dette avsnittet dreier beste miljøstyringspraksis seg om handtering av byggje- og rivingsavfall.

3.4.1. *Integrerte planar for byggje- og rivingsavfall*

Beste miljøstyringspraksis for lokale styresmakter er å utarbeide og gjennomføre integrerte planar for byggje- og rivingsavfall som

- involverer interessepartar frå den lokale byggjeindustrien, representantar for innbyggjarane, lokale næringslivssamanlutningar og relevante offentlege aktørar,
- prioriterer avfallsførebygging i byggjeprojekt gjennom verkemiddel som er retta mot industrien og den offentlege forvaltinga, til dømes reglar for god praksis for riving og fremjing av høvelege føresegner for grøne offentlege innkjøp,
- fastset minstekrav til avfallssortering og -handtering på byggjeplassar av ein viss storleik, t.d. krav om innføring av ein plan for avfallshandtering på staden eller krav om fraksjonar som skal haldast skilde,
- identifiserer og talfestar framtidige avfallsstraumar, og sikrar at den lokale byutviklingsplanen set av tilstrekkelege område for innsamling og handsaming av byggje- og rivingsavfall,
- reknar ut dei samla kostnadane og verknadene av gjennomføringa,
- fastset meir ambisiøse mål enn dei som EU eller nasjonale styresmakter har sett seg for materialattvinning av byggje- og rivingsavfall, og innfører høvelege ordningar for overvaking og handheving,
- omfattar tiltak for å unngå ulovleg dumping og gjev klare retningslinjer (t.d. for små og mellomstore føretak, privatpersonar og produsentar av svært små avfallsmengder) for korrekt handtering av byggje- og rivingsavfall.

Bruk

Utforminga og gjennomføringa av lokale planar for handtering av byggje- og rivingsavfall er eit verkemiddel som ofte vert nytta av regionar og større kommunar.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i63) Andel av samla innsamla byggje- og rivingsavfall som er sortert og handtert på korrekt måte med sikte på ombruk, materialattvinning eller andre former for attvinning (%).	b30) Det er tatt i bruk ein integrert plan for handtering av byggje- og rivingsavfall med eit mål om ein materialattvinningsgrad på minst 80 % i 2020, og med føresegnar for overvåkings- og handhevingsordningar.
i64) Det er lagt til rette for å undersøkje materiale før riving med sikte på ombruk (J/N).	

3.4.2. Måtar å unngå ureining av polyklorerte bifenylnyl (PCB) i byggje- og rivingsavfall

Ved riving, demontering eller renovering av bygningar, bruar og konstruksjonar frå 1950-, 1960- og 1970-talet, er det ein fare for at byggje- og rivingsavfallet kan vere ureina av polyklorerte bifenylnyl (PCB), noko som hindrar materialattvinning.

Beste miljøstyringspraksis for avfallsstyresmaktene er å innføre føresenger i planen for byggje- og rivingsavfall (sjå avsnitt 3.4.1) som omfattar

- føregransking og kartlegging av bygningen, brua eller konstruksjonen som skal rivast, demonterast eller renoverast, med sikte på å identifisere eventuelle PCB-haldige materiale (t.d. tettingsmassar),
- separat fjerning av PCB-haldige materiale frå resten av byggje- og rivingsavfallet,
- separat innsamling og eigna slutthandsaming av dei fjerna PCB-haldige materiala.

Bruk

Denne beste miljøstyringspraksisen kan nyttast breitt av avfallsstyresmakter med ansvar for byggje- og rivingsavfall. Ved små prosjekt der mengda avfall er mindre enn 1 tonn eller bygningsoverflata som vert påverka, utgjer mindre enn 10 m², kan det gjevast unntak frå føresegnene om identifisering og separat fjerning av PCB i planen for handtering av byggje- og rivingsavfall.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i65) Innføring av føresegnar for kartlegging og separat fjerning og innsamling av PCB-haldige materiale i planen for handtering av byggje- og rivingsavfall (J/N).	—

3.4.3. Lokale ordningar for korrekt handtering av asbestavfall som vert fjerna av privatpersonar

Beste miljøstyringspraksis for avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak er å sikre at byggje- og rivingsavfall som inneheld små mengder asbest, vert handtert på korrekt måte når det vert fjerna frå privateigde bygningar av privatpersonar utan medverknad frå spesialistføretak. Dette kan dei gjere ved å syte for følgjande:

- Klare instruksjonar om kva krav som gjeld (t.d. må det ikkje vere fare for støvspreiing) for at ein privatperson skal kunne fjerne asbesthaldig materiale frå eigedomen sin, og korleis byggeplassen skal førebuast for fjerning av asbest.
- Rettleiing om kva reglar den private eigaren må følgje for å sikre helsa og tryggleiken til grannar under fjerningsarbeidet.
- Ei liste over godkjende føretak eller opplysningar om innsamlingspunkt for asbesthaldig avfall.
- Tolags sekkar som kan forseglast (for innsamling/slutthandsaming) finst tilgjengeleg for privatpersonar som skal fjerne avfall.

— Anten eigna innsamlingspunkt (t.d. ved leveringsstadar) eller gratis henteteneste.

Lokale styresmakter som driv føregangsarbeid på dette området, går eitt steg vidare og utarbeider ein strategi for å vurdere førekomsten av asbest i innsamlingsområdet sitt, hjelper private eigarar med å planleggje rett framgangsmåte og held oversikt over kva bygningar som inneheld asbest, også før asbesten vert fjerna.

Bruk

Denne beste miljøstyringspraksisen kan berre nyttast ved visse typar sementbunden asbest (til dømes tak av asbestsement, asbesthaldig vegg- og takledning, asbesthaldige nedløpsrør og takrenner osv.) i god stand (utan fare for spreieing av støv) og ved svært små mengder. Sementbunden asbest som inneber fare for spreieing av støv, og andre asbestførekomst, særleg dei som har låg tettleik (eller som lett smuldrar eller kjem av i flak), til dømes isolasjonsplater, anna isolasjonsmateriale eller sprøyteasbest, skal alltid fjernast og slutthandsamast av ein spesialisert entreprenør.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i66) Talet på innsamlingspunkt for asbestavfall per 100 000 innbyggjarar.	b31) Det finst minst eitt innsamlingspunkt for asbestavfall per 100 000 innbyggjarar eller gratis henting av asbestavfall som vert fjerna av privatpersonar.
i67) Samla mengd asbest som er samla inn gjennom ordninga, uttrykt i vekt (tonn) eller overflateareal (m ²).	
i68) Talet på forseglbare sekkar til innsamling/slutthandsaming av asbest, som vert nytta av privatpersonar.	

3.4.4. Handsaming av gipsplateavfall for å fremje materialattvinning

Beste miljøstyringspraksis for avfallshandteringsføretak som handsamar gipsplateavfall, er å attvinne gipsen. Følgjande steg inngår som regel ved handsaming av gipsplater der gipsen skal attvinnast (gjeld godt sorterte gipsplater): Mottak, visuell kontroll og klassifisering, utskiljing av ueigna materiale (t.d. metall), (eventuelt) gruppering av platene etter storleik, åtskiljing av papir og gips (gjennom ein oppmalings- og sikteprosess) og sikting av gipsen. Attvunnen gips kan deretter nyttast (vanlegvis opptil 25 % av det samla innhaldet) til produksjon av nye gipsplater.

Bruk

Det finst ingen tekniske hindringar for bruken av denne beste miljøstyringspraksisen. Likevel finst det viktige økonomiske hindringar: Materialattvinningssevna til gipsplateavfall er avhengig av sorteringsgraden på staden der avfallet vert generert⁽¹⁸⁾, og dårleg sortering er lite kostnadseffektivt. I tillegg kan utgiftene til transport av gipsplateavfall over lange avstandar òg påverke den økonomiske lønsemda.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i69) Materialattvinningsgraden ved anlegget for handsaming av gipsplateavfall (%).	—

3.4.5. Handsaming av byggje- og rivingsavfall for produksjon av materialattvunnen knust betong

Beste miljøstyringspraksis for avfallshandteringsføretak som handsamar byggje- og rivingsavfall, er å attvinne betong frå denne typen avfall som materialattvunnen knust betong. Slik handsaming vert utført i anlegg som vanlegvis følgjer desse stega (for godt sortert byggje- og rivingsavfall): mottak, karakterisering og identifisering av innkomande avfall, (manuell) førehandsutveljing, utsiling av større materiale, magnetisk åtskiljing, utsiling av fine materiale, knusing, utsiling og andregongsknusing.

⁽¹⁸⁾ I nokre tilfelle kan det vere uråd med sortering på anleggsplassen på grunn av plassmangel. I slike situasjonar kan gipsplatene førehandsamast og sorterast andre stadar før vidare handsaming.

Materialattvinningssevna til inerte delar av byggje- og rivingsavfall er avhengig av sorteringsgraden på staden der avfallet vert generert⁽¹⁹⁾, og dårleg sortering gjer at avfallshandsaminga vert lite kostnadseffektiv.

Bruk

Det finst ingen særskilde avgrensingar for bruken av denne beste miljøstyringspraksisen så lenge byggje- og rivingsavfallet vert godt sortert i ulike fraksjonar på anleggsplassane.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i70) Materialattvinningsgraden ved anlegget for handsaming av byggje- og rivingsavfall (%).	—
i71) Mengda materialattvunnen knust betong som vert bringa i omsetning per år (t/år).	

3.5. Beste miljøstyringspraksis for avfall frå medisinsk behandling

I dette avsnittet dreier beste miljøstyringspraksis seg om handtering av avfall frå medisinsk behandling.

Beste miljøstyringspraksis for sortering av avfall frå medisinsk behandling

3.5.1. *Fremjing av sortering av avfall frå medisinsk behandling ved helseinstitusjonar*

Det finst eit stort potensial for å redusere miljøverknadene av handtering av avfall frå medisinsk behandling, særleg ved å målrette innsatsen for betre førebygging, sortering og handsaming av ikkje-farleg avfall, samstundes som det vert teke tilbørlig omsyn til tryggleiken. Beste miljøstyringspraksis for føretak som handterer avfall frå medisinsk behandling, er å

- få i stand avfallsrevisjon ved helseinstitusjonar for å betre kunnskapen om dei ulike avfallsfraksjonane og gjeldande praksis for avfallshandtering,
- hjelpe helseinstitusjonane med å definere avfallshandteringssystemet sitt ved å fastsetje klare retningslinjer for kva avfallskategoriar som skal sorterast,
- organisere opplæring for å auke medvitet blant personalet ved helseinstitusjonane og forklare reglane for avfallssortering (opplæringa bør tilpassast dei ulike rollene som personalet har innanfor institusjonen, og særleg merksemd bør rettast mot manglande etterleving som vert oppdaga under revisjonar eller i samband med avfallsføretaket si handtering av avfall frå medisinsk behandling).
- utarbeide opplysningsmateriell (plakatar, merking av behaldarar osv.) for å hjelpe personalet ved institusjonen med instruksjonar,
- overvake resultat og verknadene av tiltaka ved å utarbeide eit sett av grunnleggjande ytingsindikatorar (medrekna risikohandtering og økonomiske innsparingar),
- gjennomføre nyskapande tekniske løysingar som reduserer den generelle miljøverknaden til avfallshandteringssystemet, t.d. ombruk av behaldarar for innsamling av avfall frå medisinsk behandling.

Betre sortering av avfall som vert generert i helseinstitusjonar, vil auke materialattvinningsgraden fordi det hindrar at ikkje-farleg avfall, inkludert materiale som det er mogleg å materialattvinne (t.d. trykt papir, plastflasker), vert feilaktig blanda med farleg avfall.

Bruk

Det finst ingen særskilde avgrensingar for korleis føretak som handterer avfall frå medisinsk behandling, kan nytte denne beste miljøstyringspraksisen. Men helseinstitusjonane si oppslutning om å betre handteringa av avfall frå medisinsk behandling, spelar ei viktig rolle for kva type tiltak som skal gjennomførast, og kor vellukka dei viser seg å vere.

⁽¹⁹⁾ I nokre tilfelle kan det vere uråd med sortering på anleggsplassen på grunn av plassmangel. I slike situasjonar kan byggje- og rivingsavfallet førehandsamast og sorterast andre stadar før det vert handsama for produksjon av materialattvunnen knust betong.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i72) Andel av personalet i helseinstitusjonen som har gjennomført avfallsopplæring dei siste to åra (%).	—
i73) Andel av korrekte svar som personalet i helseinstitusjonen har gjeve i evalueringsundersøkingar etter opplæring i handtering av avfall i helseinstitusjonen (%).	
i74) Innsamlingsgraden per avfallsfraksjon, per seng eller per pasient, alt etter kva spesifikke fraksjonar som vert samla inn ved kvar helseinstitusjon (kg/pasient/dag).	

3.5.2. Innsamling av avfall frå medisinsk behandling i hushald

Denne beste miljøstyringspraksisen er retta mot innsamlingsystem som lokale styresmakter og/eller avfallshandteringsføretak gjennomfører for å samle inn farleg avfall frå medisinsk behandling i hushald, særleg skarpe eller spisse instrument og nåler som vert nytta til behandling i heimen.

Beste miljøstyringspraksis er å innføre ei eiga innsamlingsordning for avfall frå medisinsk behandling frå hushald som sikrar ei trygg og miljøvenleg innsamling og handtering av slikt avfall, ved å

- vurdere mengda avfall frå medisinsk behandling,
- syte for høvelege innsamlingsbeholdarar,
- tilpasse val av innsamlingsmetodar og -frekvens etter lokale tilhøve,
- involvere interessepartane, særleg apotek og andre helseaktørar (t.d. lækjarar og sjukepleiarar), pasientar som utfører behandling i heimen, og lækjemiddelindustrien,
- innføre kontrolltiltak og korrigerande tiltak for innsamlingsssystemet for avfall frå medisinsk behandling.

Bruk

Denne beste miljøstyringspraksisen gjeld for alle lokale styresmakter og/eller avfallshandteringsføretak.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i75) Talet på innsamlingspunkt for avfall frå medisinsk behandling som vert generert av hushald per 10 000 innbyggjarar, etter type (leveringsstadar, apotek, gatebeholdarar).	—
i76) Talet på einskilde behaldarar for avfall frå medisinsk behandling som vert generert av hushald, som vert distribuerte via innsamlingspunkt eller på førespurnad.	
i77) Mengda innsamla avfall frå medisinsk behandling som vert generert av hushald (kg/innbyggjar/år).	
i78) Andel av avfall frå medisinsk behandling (t.d. skarpe eller spisse instrument) i blanda hushaldsavfall (%).	

Beste miljøstyringspraksis for handsaming av avfall frå medisinsk behandling

3.5.3. *Alternativ handsaming av avfall frå medisinsk behandling*

Av omsyn til tryggleiken er forbrenning ved høg temperatur den vanlegaste metoden for handsaming av avfall frå medisinsk behandling, men dette har store miljøverknader, til dømes høg energibruk, utarming av naturressursar og utslepp. Det finst alternative handsamingsmåtar som òg kan garantere tryggleiksnivåa for dei aktuelle avfallsstraumane (t.d. smittefarleg avfall, anatomisk avfall, skarpe og spisse instrument og lækjemiddelavfall), og som kan oppnå betre miljøprestasjon enn forbrenning ved høg temperatur, t.d. på grunn av redusert energibruk eller betre ressurseffektivitet (aukar materialattvinningsgraden for avfall frå medisinsk behandling).

Ved bruk av alternative måtar for handsaming av avfall frå medisinsk behandling er beste miljøstyringspraksis å oppfylle dei følgjande kriteria:

- Handsaming med autoklav:
 - best mogleg sortering ved kjelda,
 - homogen partikkelstorleik ved inntaket,
 - dampsterilisering med samtidig/etterfølgjande fragmentering,
 - tørkefase etter handsaminga,
 - utgåande materiale vert åtskilde per materialstrøm når dette er mogleg, og sende til materialattvinning,
 - forbrenning med energiutnytting av eigna utgåande materiale som ikkje kan materialattvinnast.
- Handsaming med mikrobølgjer:
 - best mogleg sortering ved kjelda,
 - tilføring av vatn ved inntaket,
 - tørkefase etter handsaminga,
 - utgåande materiale vert åtskilde per materialstrøm når dette er mogleg, og sende til materialattvinning,
 - forbrenning med energiutnytting av eigna utgåande materiale som ikkje kan materialattvinnast.
- Kjemisk handsaming:
 - best mogleg sortering ved kjelda,
 - det utgåande materialet vert ikkje rekna som farleg avfall, eller vert handsama med sikte på optimal attvinning,
 - steriliseringsmiddelet kan materialattvinnast i prosessen,
 - utgåande materiale vert åtskilde per materialstrøm når dette er mogleg, og sende til materialattvinning,
 - forbrenning med energiutnytting av eigna utgåande materiale som ikkje kan materialattvinnast.

Bruk

Forbrenning ved høg temperatur er framleis den vanlegaste handsaminga av avfall frå medisinsk behandling. Bruken av alternative handsamingsmåtar vert påverka av fire hovudfaktorar: kjeldesortering, dokumentasjon på tryggleiken ved alternativ handsaming av visse fraksjonar sortert avfall, den optimale driftskapasiteten for forbrenning og den nasjonale rettslege ramma for handsaming av avfall frå medisinsk behandling.

Miljøprestasjonsindikatorar og tilhøyrande referansepunkt for framifrå kvalitet

Miljøprestasjonsindikatorar	Referansepunkt for framifrå kvalitet
i79) Andel av avfall frå medisinsk behandling som avfallshandteringsføretaket handsamar ved bruk av alternative handsamingsmåtar (%).	
i80) Mengda avfall frå medisinsk behandling som vert handsama ved bruk av alternative handsamingsmåtar (kg avfall frå medisinsk behandling per time, dag eller syklus).	—
i81) Forbruk av vatn per kg avfall som vert handsama ved bruk av alternative handsamingsmåtar (liter/kg).	

4. TILRÅDDE SEKTORSPEISIFIKKE NØKKELINDIKATORAR FOR MILJØPRESTASJON

Tabellen nedanfor viser eit utval av nøkkelindikatorar for miljøprestasjon for avfallshandteringssektoren, saman med tilhøyrande referansepunkt og tilvising til dei relevante beste miljøstyringspraksisane (BEMP). Dei er ei undergruppe av alle indikatorane som er nemnde i kapittel 3.

Tabell 4.1

Nøkkelindikatorar for miljøprestasjon og referansepunkt for framifrå kvalitet for avfallshandteringssektoren

Indikator	Vanlege einingar	Viktigaste målgruppe	Kort beskriving	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Referansepunkt for framifrå kvalitet	Tilhøyrande BEMP(?)
SEKTOROVERGRIPANDE BESTE MILJØSTYRINGSPRAKSIS PÅ TVERS AV SEKTORAR							
Det er fastsett overordna mål for å betre avfallshandterings-systemet	J/N	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Det er fastsett overordna mål for å betre avfallshandteringssystemet (t.d. på grunnlag av dei indikatorane som er definerte i dette dokumentet).	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	Det er innført ein integrert avfallshandteringsstrategi som omfattar både langsiktige (dvs. 10–20 år) og kortsiktige (dvs. 1–5 år) overordna mål for å betre prestasjonen til avfallshandteringssystemet, og denne strategien vert jamleg gjennomgått (minst kvart tredje år).	3.1.1
Systematisk bruk av livsløps-tankegang og, om naudsynt, gjennomføring av livsløpsvurderingar, i all utarbeiding og gjennomføring av avfallshandteringsstrategien	J/N	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Livsløpstankegangen er nytta systematisk, om naudsynt med livsløpsvurderingar, i all utarbeiding og gjennomføring av avfallshandteringsstrategien.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet Utslepp	Avfallshandteringsstrategien er utarbeidd og gjennomført på grunnlag av systematisk bruk av livsløpstankegang og, om naudsynt, på grunnlag av særskilde livsløpsvurderingsstudiar.	3.1.2
Bruk av økonomiske verkemiddel på lokalt plan for å fremje god åtferd	J/N	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Økonomiske verkemiddel (t.d. skattar og avgifter og differensiering av desse, produktavgifter, prisfastsetjing for avfall, ordningar for utvida produsentansvar og panteordningar) vert nytta på lokalt plan for å fremje god åtferd når det gjeld avfallsførebygging og -handtering.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet Utslepp	— Økonomiske verkemiddel på lokalt plan i form av skattar og avgifter og differensiering av desse, produktavgifter, prisfastsetjing for avfall, ordningar for utvida produsentansvar og panteordningar vert gjennomførte på ein systematisk måte for å nå dei måla som er fastsette i den lokale avfallshandteringsstrategien.	3.1.3

Indikator	Vanlege einingar	Viktigaste målgruppe	Kort beskriving	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Referansepunkt for framifrå kvalitet	Tilhøyrande BEMP ⁽²⁾
						— Det er innført ei panteordning for glas, koppar, tallerkar og bestikk for alle festivalar og større offentlege tilskipingar som vert arrangerte i innsamlingsområdet til dei lokale styresmaktene.	
Dei relevante nyaste teknikkane som er omtala i referansedokumenta som er oppførte i avsnitt 3.1.4, er tekne i bruk	J/N	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Dei nyaste teknikkane som er omtala i referansedokumenta som er oppførte i avsnitt 3.1.4, og som organisasjonen reknar for å vere relevante, er tekne i bruk.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet Utslepp	Ikkje relevant	3.1.4

BESTE MILJØSTYRINGSPRAKSIS FOR KOMMUNALT FAST AVFALL

Samla kostnadar til handtering av kommunalt fast avfall per innbyggjar per år	Euro/innbyggjar/år	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Samla kostnadar per år til handtering av kommunalt fast avfall i det relevante lokale området, medrekna alle fasar og all verksemd innanfor avfallshandteringa som vert utført, per innbyggjar per år.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall	Ikkje relevant	3.2.1
Frekvens for plukkanalyse av blanda avfall	Månadar År	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Kor ofte det vert utført ein plukkanalyse av blanda avfall (av ei representativ stikkprøve) (ein plukkanalyse kvar x månad eller kvart x år).	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	Plukkanalyse av blanda avfall vert utført minst fire gonger i året (i ulike årstider) kvart tredje år, eller etter større endringar i avfallshandteringssystemet.	3.2.2

Indikator	Vanlege einingar	Viktigaste målgruppe	Kort beskriving	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Referansepunkt for framifrå kvalitet	Tilhøyrande BEMP ⁽²⁾
Det er innført ei ordning for differensierte avfallsgebyr (PAYT)	J/N	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Det er innført ei ordning for differensierte avfallsgebyr (PAYT) i det relevante lokale området.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	Det er innført ei PAYT-ordning der minst 40 % av kostnadane vert betalte av brukarane, avhengig av den innsamla mengda (kg eller m ³) blanda avfall, storleiken på innsamlingsbeholdarane og/eller talet på innsamlingsrundar.	3.2.3
Avfall som vert levert til leveringsstadar, er teke med i PAYT-ordninga	J/N	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Avfall som vert levert til leveringsstadane av brukarane av avfallshandteringssystemet, er teke med i PAYT-ordninga.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	PAYT-ordninga omfattar òg avfall som vert levert til leveringsstadar.	3.2.3
Budsjett som vert nytta til haldningsskapande tiltak per innbyggjar per år	Euro/innbyggjar/år	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Utgifter til haldningsskapande tiltak per år i det relevante lokale området, dividert på talet på innbyggjarar.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	Haldningskampanjar vert systematisk gjennomførte for ulike typar målgrupper (t.d. elevar, ålmenta, brukarar av leveringsstadar), og budsjettet som kvart år vert sett av til haldningsskapande tiltak, er på minst 5 euro per innbyggjar.	3.2.5
Talet på avfallsrådgjevarar per 100 000 innbyggjarar	tal/100 000 innbyggjarar	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Talet på avfallsrådgjevararar per 100 000 innbyggjarar i det relevante lokale området.	Forvalta innsamlingsområde, eller befolkninga som er omfatta	Avfall Material-effektivitet	Det er etablert eit nettverk av avfallsrådgjevarar med minst éin rådgjevar per 20 000 innbyggjarar.	3.2.6
Andel av befolkninga som komposterer heime eller i lokalområdet, eller som har tilgang til kompostering i lokalmiljøet	%	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Andel av befolkninga som komposterer heime, eller som har tilgang til kompostering i lokalmiljøet, i høve til den samla befolkninga i det relevante lokale området.	Forvalta innsamlingsområde, eller befolkninga som er omfatta	Avfall Material-effektivitet	Alle innbyggjarar har tilgang anten til separat innsamling av biologisk avfall eller til kompostering av biologisk avfall heime eller i lokalmiljøet.	3.2.7

Indikator	Vanlege einingar	Viktigaste målgruppe	Kort beskriving	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Referansepunkt for framifrå kvalitet	Tilhøyrande BEMP ⁽²⁾
Innføring av ein lokal plan for avfallsførebygging, medrekna langsiktige og kortsiktige mål og føresegner for jamleg overvaking	J/N	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Det er innført ein lokal plan for avfallsførebygging, medrekna langsiktige og kortsiktige mål og føresegner for jamleg overvaking.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	Avfallsførebygging har ein strategisk verdi i avfallshandteringsstrategien, som omfattar eit lokalt avfallsførebyggingsprogram som støttar langsiktige (dvs. 10–20 år) og kortsiktige (dvs. 1–5 år) mål for avfallsførebygging, og som inneheld føresegner for jamleg overvaking.	3.2.8
Talet på eller mengda kasserte produkt som er samla inn til ombruk, og avfallsgjenstandar som er sende til førebuing til ombruk	Kg/år Tal/år	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Talet på eller mengda (dvs. vekt eller volum) kasserte produkt som er samla inn til ombruk per år, og avfallsgjenstandar som er sende til førebuing til ombruk per år.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	Ikkje relevant	3.2.9
Talet på kundar hjå ombruks-sentralar / lokale reparasjonsverkstadar per år	Tal/år	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Talet på kundar hjå ombruks-sentralar og lokale reparasjonsverkstadar per år.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	Ikkje relevant	3.2.9
Leveringsstadane har bytestadar for produkt/materiale for å fremje ombruk	J/N	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Tilgjengelegheita av bytestadar for produkt/materiale som skal fremje ombruk, ved leveringsstadane.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	Leveringsstadane har bytestadar for produkt/materiale for å fremje ombruk.	3.2.9 3.2.12
Deltakingsprosent	%	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Andel av befolkninga som nyttar avfallsinnsamlingssystemet; data er vanlegvis tilgjengelege, basert på anslag, undersøkingar, kor ofte behaldarane for materiale som kan materialattvinnast, vert sette ut til innsamling, osv.	Forvalta innsamlingsområde, eller befolkninga som er omfatta	Avfall Material-effektivitet	Ikkje relevant	3.2.10

Indikator	Vanlege einingar	Viktigaste målgruppe	Kort beskriving	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Referansepunkt for framifrå kvalitet	Tilhøyrande BEMP ⁽²⁾
Andel av det lokale området som er omfatta av eit særskilt avfallsinnsamlingssystem	%	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Andel av det lokale området som er omfatta av eit særskilt system for avfallsinnsamling, t.d. % av byområde der kommunalt fast avfall vert samla inn frå dør til dør.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	Det vert gjennomført dør til dør-innsamling av minst fire avfallsfraksjonar i heile det innsamlingsområdet der kommunalt fast avfall vert handtert.	3.2.10
Talet på leveringsstadar per 100 000 innbyggjarar.	Tal/100 000 innbyggjarar	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Talet på leveringsstadar i det relevante lokale området per 100 000 innbyggjarar.	Forvalta innsamlingsområde, eller befolkninga som er omfatta	Avfall Material-effektivitet	Ikkje relevant	3.2.12
Talet på ulike avfallsfraksjonar som vert samla inn ved leveringsstadane	Tal	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Talet på ulike avfallsfraksjonar som vert samla inn ved leveringsstadane.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	Ved leveringsstadane vert det samla inn minst 20 ulike avfallsfraksjonar.	3.2.12
Utslepp av klimagassar per tonn avfall og per køyrt kilometer	kg CO ₂ e/tkm	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Samla mengd klimagassutslepp som vert generert under avfallsinnsamling i eit visst tidsrom, dividert med mengda innsamla avfall og avstanden som avfallsinnsamlingskøyretøya har tilbakelagt i det same tidsrommet.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Utslepp Energieffektivitet	Ikkje relevant	3.2.13
Gjennomsnittleg drivstofforbruk for avfallsinnsamlingskøyretøya	liter/100 km	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Samla mengd drivstoff som avfallsinnsamlingskøyretøya nyttar, dividert med den samla avstanden (i hundre km) som dei har tilbakelagt i eit visst tidsrom.	Organisasjon	Avfall Utslepp Energieffektivitet	Ikkje relevant	3.2.14

Indikator	Vanlege einingar	Viktigaste målgruppe	Kort beskriving	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Referansepunkt for framifrå kvalitet	Tilhøyrande BEMP ⁽²⁾
Andel av køyretøy i den samla parken av avfallsinnsamlingskøyretøy som oppfyller krava i Euro 6	%	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Talet på køyretøy i parken av avfallsinnsamlingskøyretøy som oppfyller krava i Euro 6, dividert med det samla talet på avfallsinnsamlingskøyretøya i parken.	Organisasjon	Energieffektivitet Utslepp	Alle nye avfallsinnsamlingskøyretøy som vert innkjøpte eller leasa av avfallshandteringsorganisasjonen, oppfyller krava i Euro 6 og nyttar enten komprimert naturgass eller biogass som drivstoff eller er hybridkøyretøy eller elektriske køyretøy.	3.2.14
Andel av produkt som vert omfatta av ordninga for utvida produsentansvar, som vert funne i restavfallet, på grunnlag av ein plukkanalyse	%	Produsentansvarsorganisasjonar, avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Andel av produkt som vert omfatta av ordninga for utvida produsentansvar, som vert funne i restavfallet, på grunnlag av ein plukkanalyse av blanda avfall.	Forvalta innsamlingsområde, eller relevant lokalt område	Avfall Material-effektivitet	Ikkje relevant	3.2.15
Sorteringsgrad for blanda avfall av lett emballasje ved anlegget	%	Operatørar av anlegg	Den årlege mengda materiale som vert send til materialattvinning, dividert med den årlege mengda blanda emballasjeavfall som vert handsama. Denne indikatoren kan reknast ut både for det samla blanda emballasjeavfallet og for den einskilde straumen av utgåande materiale.	Soteringsanlegg	Avfall Material-effektivitet	Materialutnytingsanlegg som sorterer blanda avfall av lett emballasje, har ein sorteringsgrad på minst 88 %.	3.2.16
Handsamingsgrad for blanda plastemballasjeavfall ved anlegget	%	Operatørar av anlegg	Den årlege mengda materiale som vert send til materialattvinning, dividert med den årlege mengda blanda plastemballasjeavfall som vert handsama. Denne indikatoren kan reknast ut både for det samla blanda plastemballasjeavfallet og for den einskilde straumen av utgåande plast (t.d. PE, HDPE, PP).	Handsamingsanlegg	Avfall Material-effektivitet	Plastattvinningsanlegg som handsamar blanda plastemballasjeavfall, har ein handsamingsgrad på minst 60 %.	3.2.17

Indikator	Vanlege einingar	Viktigaste målgruppe	Kort beskriving	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Referansepunkt for framifrå kvalitet	Tilhøyrande BEMP ⁽²⁾
Sorteringsgrad for kasserte madrassar ved anlegget	%	Operatørar av anlegg	Den årlege mengda materiale som vert send til materialattvinning, dividert med den årlege mengda kasserte madrassar som vert handsama.	Soteringsanlegg	Avfall Material-effektivitet	Anlegg som handsamar kasserte madrassar, har ein sorteringsgrad på minst 91 %.	3.2.18
Sorteringsgrad for avfall frå absorberande hygieneprodukt ved anlegget	%	Operatørar av anlegg	Den årlege mengda materiale som vert send til materialattvinning, dividert med den årlege mengda avfall frå absorberande hygieneprodukt som vert handsama.	Soteringsanlegg	Avfall Material-effektivitet	Anlegg som handsamar avfall frå absorberande hygieneprodukt, har ein sorteringsgrad på minst 90 %.	3.2.19

VANLEGE MILJØPRESTASJONSINDIKATORAR FOR KOMMUNALT FAST AVFALL

Generering av kommunalt fast avfall	kg/innbyggjar/år	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Samla mengd kommunalt fast avfall som vert generert per år, dividert med talet på innbyggjarar.	Forvalta innsamlingsområde, eller relevant lokalt område	Avfall Material-effektivitet	Mengda kommunalt fast avfall som vert generert per år i innsamlingsområdet som vert forvalta eller handtert (innsamla gjennom alle dei ulike avfallsinnsamlingssystema i området), utgjør — mindre enn 75 % av det nasjonale gjennomsnittet for kommunal avfallsgenerering, etter den nasjonale definisjonen av kommunalt avfall som vert nytta i landet, eller	3.3.1
-------------------------------------	------------------	--	---	--	---------------------------------	--	-------

Indikator	Vanlege einingar	Viktigaste målgruppe	Kort beskriving	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Referansepunkt for framifrå kvalitet	Tilhøyrande BEMP ⁽²⁾
						<p>— mindre enn 360 kg/innbyggjar, dersom dette vert rekna ut berre for dei følgjande avfallsfraksjonane:</p> <ul style="list-style-type: none"> i) organisk/biologisk avfall (t.d. hageavfall, næringsmiddelavfall, kjøkenavfall), ii) blanda emballasje, iii) papir og papp, iv) glas, v) plast, vi) metall, vii) grovavfall, viii) avfall frå elektrisk og elektronisk utstyr og ix) blanda avfall. 	
Mengda innsamla blanda kommunalt fast avfall	kg/innbyggjar/år	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Mengda blanda kommunalt fast avfall som vert samla inn per år, dividert med talet på innbyggjarar.	Forvalta innsamlingsområde, eller relevant lokalt område	Avfall Material-effektivitet	Ikkje relevant	3.3.2

Indikator	Vanlege einingar	Viktigaste målgruppe	Kort beskriving	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Referansepunkt for framifrå kvalitet	Tilhøyrande BEMP ⁽²⁾
Kommunalt fast avfall som vert sendt til energiutnytting og/eller slutthandsaming	kg/innbyggjar/år	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Mengda kommunalt fast avfall som vert handsama per år, anten ved forbrenning med energiutnytting og/eller slutthandsaming (t.d. ved deponering eller ved forbrenning utan energiutnytting), dividert med talet på innbyggjarar.	Forvalta innsamlingsområde, eller relevant lokalt område	Avfall Material-effektivitet	Mengda innsamla blanda kommunalt fast avfall per år som vert send til energiutnytting og/eller slutthandsaming, utgjør — mindre enn 15 % av det nasjonale gjennomsnittet for kommunal avfallsgenerering, eller — mindre enn 70 kg/innbyggjar.	3.3.3
Kommunalt fast avfall som vert sendt til slutthandsaming	kg/innbyggjar/år	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Mengda kommunalt fast avfall som vert send til slutthandsaming (t.d. forbrenning utan energiutnytting eller til deponering) per år, dividert med talet på innbyggjarar.	Forvalta innsamlingsområde, eller relevant lokalt område	Avfall Material-effektivitet	Mengda kommunalt fast avfall som vert send til slutthandsaming per år, utgjør — mindre enn 2 % av det nasjonale gjennomsnittet for kommunal avfallsgenerering, eller — mindre enn 10 kg/innbyggjar.	3.3.4
Utsorteringsgrad for ein spesifikk avfallsstraum	%	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Mengda som vert samla inn gjennom ein separat innsamla avfallsstraum, dividert med den samla genereringa av det avfallet som denne separate innsamlinga er retta mot, rekna ut ved hjelp av ein plukkanalyse av det blanda avfallet.	Forvalta innsamlingsområde, eller relevant lokalt område	Avfall Material-effektivitet	— Utsorteringsgraden for glas som vert samla inn separat som ein fraksjon (dvs. ikkje i eit innsamlingssystem for blanda avfall), er høgare enn 90 %. — Utsorteringsgraden for papir og papp som vert samla inn separat som ein fraksjon (dvs. ikkje i eit innsamlingssystem for blanda avfall), er høgare enn 85 %.	3.3.5

Indikator	Vanlege einingar	Viktigaste målgruppe	Kort beskriving	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Referansepunkt for framifrå kvalitet	Tilhøyrande BEMP ⁽²⁾
						<ul style="list-style-type: none"> — Utsorteringsgraden for metall som vert samla inn separat som éin fraksjon (dvs. ikkje i eit innsamlingsystem for blanda avfall), er høgare enn 75 %. — Utsorteringsgraden for blanda emballasjeavfall er høgare enn 65 %. 	
Grad av ureinske i ein spesifikk avfallsstrøm	%	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Mengda materiale som ikkje er målmateriale, i ein spesifikk separat innsamla avfallsstrøm.	Forvalta innsamlingsområde, eller relevant lokalt område	Avfall Material-effektivitet	Ikkje relevant	3.3.6
Biologisk avfall i blanda avfall	kg/innbyggjar/år	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Mengda biologisk avfall som inngår i blanda avfall per år (rekna ut på grunnlag av ein plukkanalyse av det blanda avfallet), dividert med talet på innbyggjarar.	Forvalta innsamlingsområde, eller relevant lokalt område	Avfall Material-effektivitet	Den årlege mengda biologisk avfall i blanda avfall utgjer mindre enn 10 kg/innbyggjar.	3.3.7

BESTE MILJØSTYRINGSPRAKSIS FOR BYGGJE- OG RIVINGSAVFALL

Andel av samla innsamla byggje- og rivingsavfall som er sortert og handtert på korrekt måte med sikte på ombruk, materialattvinning eller andre former for attvinning	%	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Den årlege mengda byggje- og rivingsavfall som vert sortert og handtert på korrekt måte med sikte på ombruk, materialattvinning eller andre former for attvinning, dividert med den samla mengda byggje- og rivingsavfall.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	Det er tatt i bruk ein integrert plan for handtering av byggje- og rivingsavfall med eit mål om ein materialattvinningsgrad på minst 80 % i 2020, og med føresegner for overvåkings- og handhevingsordningar.	3.4.1
---	---	--	--	--	---------------------------------	---	-------

Indikator	Vanlege einingar	Viktigaste målgruppe	Kort beskriving	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Referansepunkt for framifrå kvalitet	Tilhøyrande BEMP ⁽²⁾
Talet på innsamlingspunkt for asbestavfall per 100 000 innbyggjarar	Tal/100 000 innbyggjarar	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Talet på innsamlingspunkt for asbestavfall i det relevante lokale området per 100 000 innbyggjarar.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall Material-effektivitet	Det finst minst eitt innsamlingspunkt for asbestavfall per 100 000 innbyggjarar eller gratis henting av asbestavfall som vert fjerna av privatpersonar.	3.4.3
Materialattvinningsgraden ved anlegget for handsaming av gipsplateavfall	%	Operatørar av anlegg	Samla mengd gipsplateavfall som vert handsama ved anlegget for handsaming av gipsplateavfall, minus mengda genererte avfallsrestar, dividert med den samla mengda gipsplateavfall som vert handsama.	Handsamingsanlegg	Avfall Material-effektivitet	Ikkje relevant	3.4.4
Materialattvinningsgraden ved anlegget for handsaming av byggje- og rivingsavfall	%	Operatørar av anlegg	Samla mengd byggje- og rivingsavfall som vert handsama ved anlegget for handsaming av byggje- og rivingsavfall, minus mengda genererte avfallsrestar, dividert med den samla mengda byggje- og rivingsavfall som vert handsama.	Handsamingsanlegg	Avfall Material-effektivitet	Ikkje relevant	3.4.5

BESTE MILJØSTYRINGSPRAKSIS FOR AVFALL FRÅ MEDISINSK BEHANDLING

Innsamlingsgraden per fraksjon, per seng eller per pasient, alt etter kva spesifikke fraksjonar som vert samla inn ved kvar helseinstitusjon	kg/pasient/dag kg/seng/dag	Avfallshandteringsføretak	Mengda av ein spesifikk avfallsfraksjon som vert samla inn per dag, dividert med talet på pasientar eller senger i helseinstitusjonen.	Helseinstitusjon	Avfall Material-effektivitet	Ikkje relevant	3.5.1
--	-------------------------------	---------------------------	--	------------------	---------------------------------	----------------	-------

Indikator	Vanlege einingar	Viktigaste målgruppe	Kort beskriving	Tilrådd minstenivå for overvaking	Tilhøyrande grunnleggjande EMAS-indikator ⁽¹⁾	Referansepunkt for framifrå kvalitet	Tilhøyrande BEMP ⁽²⁾
Mengda innsamla avfall frå medisinsk behandling som vert generert av hushald	kg/innbyggjar/år	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Den årlege mengda avfall frå medisinsk behandling som vert generert av hushald og samla inn gjennom eit separat innsamlings-system for innbyggjarar, dividert med talet på innbyggjarar	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall	Ikkje relevant	3.5.2
Andel av avfall frå medisinsk behandling i blanda hushalds-avfall	%	Avfallsstyresmakter og avfallshandteringsføretak	Andel av avfall frå medisinsk behandling i blanda hushalds-avfall som vert oppdaga ved plukkanalyse av ei representativ stikkprøve.	Forvalta innsamlingsområde, eller organisasjon	Avfall	Ikkje relevant	3.5.2

⁽¹⁾ Dei grunnleggjande EMAS-indikatorane er oppførte i vedlegg IV til forordning (EF) nr. 1221/2009 (del C nr. 2).

⁽²⁾ Tala viser til dei avsnitta i dette dokumentet som inneheld ei beskriving av den tilhøyrande beste miljøstyringspraksisen, eller der indikatoren er oppført.